



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 7 L

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Lov om kompensasjonsordning for
kjemikalieskadde oljepionerar
(oppfølging av tiltak i forslaget til
statsbudsjett for 2026)

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	5.4.3	Frådrag for utbetalt kompensasjon ved framtidige ytingar	19
2	Bakgrunnen for lovforslaget	7	5.4.4	Lovbestemte trygdeytingar	19
3	Utgreiing og forslag frå kommisjonen	8	5.5	Etterlatne	19
3.1	Bakgrunn for opprettinga av kommisjonen	8	5.6	Oljepionernemnda	20
3.2	Hovudfunna til kommisjonen	8	5.7	Søknad om økonomisk kompensasjon og dokumentasjonskrav	20
3.3	Forslag frå kommisjonen til ulike modellar for ei kompensasjonsordning	9	5.8	Arbeidsmedisinsk utgreiing	20
4	Høyringa	11	5.9	Gradering	21
4.1	Innleiing	11	5.10	Saksbehandlinga i nemnda	21
4.2	Synet til høyringsinstansane	12	5.11	Betydninga av ei rask saksbehandling (hurtigspor)	22
5	Departementet sine vurderingar og forslag	15	5.12	Høve til å klage	22
5.1	Innleiing	15	5.13	Domstolsbehandling	22
5.2	Verkeområdet til ordninga og vilkår for økonomisk kompensasjon	15	5.14	Tieplikht	23
5.2.1	Pionertida	15	5.15	Behandling av personopplysningar	23
5.2.2	Aktivitetsområde og arbeidstakargrupper	15	5.16	Innhenting av opplysningar	24
5.2.3	Medisinske kriterium	16	5.17	Tilbakebetaling	25
5.2.3.1	Varig sjukdom eller skade	16	6	Økonomiske og administrative konsekvensar	26
5.2.3.2	Mogleg samanheng	17	6.1	Totale kostnader	26
5.3	Størrelsen på kompensasjonen	18	6.2	Administrative kostnader	26
5.4	Frådrag for andre ytingar	18	6.3	Kompensasjonsutbetalingar	26
5.4.1	Kommisjonens anbefaling	18	7	Merknader til dei enkelte føresegnene	27
5.4.2	Frådrag for tidlegare utbetalt erstatning eller kompensasjon	18		Forslag til lov om kompensasjonsordning for kjemikalieskadde oljepionerar (oppfølging av tiltak i forslaget til statsbudsjett for 2026)	32



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 7 L

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Lov om kompensasjonsordning for kjemikalieskadde oljepionerar (oppfølging av tiltak i forslaget til statsbudsjett for 2026)

*Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet 31. oktober 2025,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår i denne proposisjonen ei lov som skal gi rammene for ei særskild kompensasjonsordning for ei gruppe oljearbeidarar som blei utsette for helse-skadelege kjemikalium i arbeidet offshore i den tidlege fasen av norsk petroleumsverksemd.

Lovforslaget følger opp anbefalingane frå Oljepionerkommisjonen i NOU 2022: 19 *Oljepionerene – en kompensasjonsordning*.

I rapporten skisserte kommisjonen ulike modellar for ei mogleg kompensasjonsordning. I denne proposisjonen følger departementet opp anbefalinga frå kommisjonen om å legge «modell 2» i utgreiinga til grunn for kompensasjonsordninga. For å få rett til kompensasjon må søkaren ha arbeidd offshore på norsk kontinentalsokkel i pionertida innanfor aktivitetsområda «boring og brønn» eller «produksjon og vedlikehald» og innanfor nærmare bestemte arbeidstakarkategoriar

innanfor desse aktivitetsområda. Søkaren må i tillegg ha fått ein nærmare bestemt varig sjukdom eller skade som har mogleg samanheng med kjemisk eksponering for boreslam, hydrokarbon eller benzen. Pionertida er i lovforslaget definert som perioden frå 1966 til 1990.

Departementet foreslår å sette kompensasjonen etter lover til åtte gonger grunnbeløpet i folketrygda, 1 041 280 kroner etter dagens G-verdi. Departementet legg såleis ikkje opp til at beløpet skal graderast, for eksempel etter uføregrad. I tråd med anbefalingane frå kommisjonen foreslår departementet å gi kompensasjonen til etterlatne dersom den avdøde oppfylte kriteria i kompensasjonsordninga.

I tråd med anbefalinga frå kommisjonen foreslår departementet å opprette ei uavhengig nemnd som skal behandle søknader om kompensasjon. I lovproposisjonen er det foreslått reglar

om blant anna samansetting og saksbehandling i nemnda.

Departementet tar fleire grep for å sikre ei mest mogleg effektiv, og på same tid trygg, behandling av søknadene. Slik departementet les Oljepionerkommisjonens rapport, legg kommisjonen opp til at det i alle saker vil vere nødvendig å gjere ei arbeidsmedisinsk utgreiing. Som det vil gå fram av proposisjonen, legg departementet opp til at nemnda kan nytte eit hurtigspor, utan nærmare arbeidsmedisinsk utgreiing, når den framlagte dokumentasjonen gir grunnlag for det. For andre tilfelle legg departementet opp til at det vil vere tilstrekkeleg med ei forenkla arbeidsmedisinsk utgreiing. For å sikre ei effektiv saksbehandling i nemnda, legg departementet også fram forslag om ei forenkla behandling i nemnda dersom det er openbert at vilkåra for å få økonomisk kompensasjon ikkje er oppfylt.

Slik tilfellet var for den tidlegare kompensasjonsordninga for pionerdykkarane, foreslår departementet at vedtak i nemnda skal vere endelege i forvaltningsrettsleg forstand. Departementet foreslår derfor ikkje å etablere ei eiga klageordning for kompensasjonsordninga. Vedtak i nemnda kan på vanleg måte bringast inn for domstolane, som kan prøve alle sider av saka.

Kompensasjonsordninga føreset behandling av personopplysningar, og departementet foreslår

å fastsette uttrykkeleg at nemnda skal ha høve til å behandle slike opplysningar, inkludert såkalla særlege kategoriar personopplysningar etter artikkel 9 i personvernforordninga. Departementet foreslår vidare at det skal gå fram av lova at nemnda skal ha høve til å hente inn opplysningar frå blant anna myndigheiter, forsikringsselskap og søkaren sine tidlegare arbeidsgivarar som er nødvendige for å behandle søknader om kompensasjon.

I tråd med anbefalingane frå kommisjonen foreslår departementet at det skal gjerast frådrag for tidlegare utbetalt kompensasjon eller erstatning frå arbeidsgivar for den same skaden eller sjukdommen som det blir søkt om kompensasjon for. I lovforslaget foreslår departementet vidare at søkaren skal ha uttrykt plikt til å opplyse nemnda om vedkommande har tatt imot slike utbetalningar. Departementet foreslår også ein eigen heimel for tilbakebetaling ved for høg eller urettmessig utbetalt kompensasjon.

Endeleg sluttar departementet seg til anbefalinga frå kommisjonen om at ordninga bør likestille norske og utanlandske arbeidstakarar. Departementet foreslår derfor at det ikkje skal stillast krav om for eksempel norsk statsborgarskap eller medlemskap i folketrygda for å kunne ha rett til kompensasjon etter lova.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

I NOU 2022: 19 *Oljepionerene – en kompensasjonsordning* blei det gjort ei grundig utgreiing av om ei kompensasjonsordning vil vere ei riktig og hensiktsmessig oppfølging av oljepionerane, og korleis ei slik kompensasjonsordning eventuelt bør innrettast.

Kommisjonen konkluderte med at det var grunnlag for å anbefale ei særskild kompensasjonsordning for ei gruppe oljearbeidarar, og peikte blant anna på at enkelte arbeidsoperasjonar offshore kan ha ført til eksponering for helse-

skadelege kjemikalium som ikkje kan samanliknast med eksponeringa som tilsvarande grupper på land blei utsette for.

Denne lovproposisjonen følger vidare opp Stortingets oppmodingsvedtak nr. 220 (2024–2025) der regjeringa i arbeidet med kompensasjon for oljepionerane blei beden om å legge ei særskild kompensasjonsordning til grunn, i tråd med anbefalingane frå NOU 2022: 19, jf. representantforslag 16 S (2024–2025) og Innst. 101 S (2024–2025).

3 Utgreiing og forslag frå kommisjonen

3.1 Bakgrunn for opprettinga av kommisjonen

Oljepionerkommisjonen blei oppnemnd 3. september 2021 som oppfølging av Stortingets oppmødingsvedtak nr. 912 same år. Den direkte bakgrunnen for saka var ein førespurnad frå Arbeidsmiljøskaddes landsforening (A.L.F) til arbeids- og sosialkomiteen om at tidlegare oljearbeidarar var blitt sjuke etter kjemikalieeksponering i jobben, og at dei opplevde det som vanskeleg å nå fram i yrkesskadeordningane. Stortinget bad regjeringa sette ned ein kommisjon som skulle arbeide fram ei kompensasjonsordning for «oljepionerane».

Det gjekk fram av vedtaket at kommisjonen skulle sikre verifisering av omfang og skadar, og avgrense kva som skal vere omfatta av ei kompensasjonsordning. Det gjekk vidare fram at kommisjonen skulle bestå av uavhengige fagekspertar og representantar for dei ramma partane, inkludert arbeidsgivar- og arbeidstakarorganisasjonar og organisasjonar som representerer dei arbeidsmiljøskadde «oljepionerane», blant anna A.L.F.

3.2 Hovudfunna til kommisjonen

Rapporten frå kommisjonen blei lagd fram i desember 2022 i NOU 2022: 19 *Oljepionerene – en kompensasjonsordning*. Ein samla kommisjon konkluderte med at det vil vere riktig og hensiktsmessig å opprette ei eiga kompensasjonsordning for nokre yrkesgrupper innanfor oljeindustrien i ein avgrensa tidsperiode i norsk petroleumsskade. Kommisjonen la til grunn at målgruppa burde avgrensast tydeleg på bakgrunn av dokumentasjon om utvikling i næringa og relevante eksponeringsforhold. Ordninga burde ifølgje kommisjonen målrettast mot personar som har blitt utsette for ei særskild eksponering og helseskadar som skil seg frå situasjonen til andre samanliknbare arbeidstakargrupper på land i den same perioden.

Samtidig var det usemje i kommisjonen om korleis målgruppa for ordninga burde avgrensast,

både når det gjeld tidsperiode, yrkesgrupper og helseskadar. Kommisjonen presenterte på bakgrunn av det ulike moglege modellar og kriterium for ei kompensasjonsordning. Ein samla kommisjon la til grunn at mottakarane må kunne dokumentere varig helseskade som enten har sannsynleg eller mogleg samanheng med særskild eksponering offshore.

Kommisjonen vurderte også kven som burde ha ansvaret for kompensasjonsordninga, og korleis ordninga burde finansierast. Kommisjonen la til grunn at vurderingane knytte til ansvarsforholda kunne vere dei same som for nordsjødykkarane, og meinte at staten uavhengig av skyld burde ta ansvaret for finansieringa. Samtidig kunne det vurderast å invitere rettshavarar og operatørselskap til å bidra i finansieringa.

Kommisjonen la vidare til grunn at det kunne vere hensiktsmessig å etablere eit system for gradering av kompensasjon basert på den modellen som blir vald. Kommisjonen anbefalte også at kompensasjonen burde utbetalast til etterlatne når den avdøde oppfylte kriteriata i kompensasjonsordninga.

Ein samla kommisjon meinte vidare at tidlegare arbeidsgivarfinansierte erstatningsutbetalningar, inkludert eventuelle forlik, bør komme til fråtrekk ved berekninga av kompensasjon frå kompensasjonsordninga. Det blei såleis lagt til grunn at det må opplysast om tidlegare erstatningar etter forlik, sjølv om desse i utgangspunktet kan vere fortrulege. Når det gjeld fråtrekk for utbetalt kompensasjon i ei eventuell seinare personskadeerstatningssak for den same skaden, meinte kommisjonen at eit slikt spørsmål må avgjerast av retten i dei enkelte tilfella.

Kommisjonen la vidare til grunn at å etablere ei uavhengig nemnd vil vere den klart mest hensiktsmessige løysinga for å administrere ordninga. For å sikre ei fagleg og uavhengig behandling i nemnda burde ho ifølgje kommisjonen setast saman slik at fleirtalet består av uavhengige medlemmer med relevant fagleg kompetanse.

3.3 Forslag frå kommisjonen til ulike modellar for ei kompensasjonsordning

Kommisjonen vurderte tre «hovudkriterium» for ei kompensasjonsordning:

1. Tidskriterium – tidsperiode for pionertida og varigheit på arbeid offshore
2. Gruppekriterium – aktivitetsområde og utvalde arbeidstakargrupper
3. Medisinske kriterium – varig arbeidsrelatert sjukdom eller skade, uførleik, medisinsk invaliditet

Basert på desse kriteria skisserte kommisjonen fem ulike kompensasjonsmodellar.

Modell 1

1. Tid	Arbeid i petroleumsverksemda offshore i perioden 1966–1985/1990/1995
2. Gruppe	Arbeid innanfor aktivitetsområda «boring og brønn» og «produksjon og vedlikehald» og spesifikke grupper innanfor desse områda
3. Medisinsk	Dokumentert varig sjukdom eller skade som <i>mest sannsynleg</i> kjem av eksponering for boreslam, hydrokarbon og/eller benzen i arbeidet offshore

Kommisjonen var einig om å ikkje foreslå denne modellen.

Modell 2

1. Tid	Arbeid i petroleumsverksemda offshore i perioden 1966–1985/1990/1995
2. Gruppe	Arbeid innanfor aktivitetsområda «boring og brønn» og «produksjon og vedlikehald» og spesifikke grupper innanfor desse områda
3. Medisinsk	Dokumentert varig sjukdom eller skade som har <i>mogleg samanheng</i> med kjemisk eksponering for boreslam, hydrokarbon og/eller benzen i arbeidet offshore

Fleirtalet i kommisjonen støtta modell 2 når det gjeld gruppekriterium og medisinske kriterium, men kommisjonen var delt når det gjeld den anbefalte tidsperioden. Tre medlemmer foreslo at pionertida i petroleumsverksemda offshore skulle definerast som perioden 1966–1985 (modell 2A), og tre medlemmer foreslo at tidsperioden skulle vere 1966–1990 (modell 2B).

Modell 3

1. Tid	Arbeid i petroleumsverksemda offshore i perioden 1966–1985/1990/1995 Arbeid i petroleumsverksemda offshore i minimum tre år (eventuelt fem eller ti år)
2. Gruppe	Arbeid innanfor aktivitetsområda «boring og brønn» og «produksjon og vedlikehald» og spesifikke grupper innanfor desse områda
3. Medisinsk	Mottak av uføretrygd frå folketrygda på søknadstidspunktet eller innvilga uføretrygd før alderspensjon. Uførleiken har samanheng med sjukdom som kan komme av kjemikalieeksponering

Kommisjonen var einig om å ikkje foreslå denne modellen.

Eit mindretal i kommisjonen, to medlemmer, skisserte også to modellar i tillegg basert på at ingen yrkesgrupper som har arbeidd offshore, skal utelukkast frå ei kompensasjonsordning.

Modell 4

1. Tid	Arbeid i petroleumsverksemda offshore i perioden 1966–1995
2. Gruppe	Ingen yrkesgrupper som har arbeidd offshore, skal utelukkast
3. Medisinsk	Relevante helseskadar er utvida betydeleg

Ein medlem av kommisjonen foreslo denne modellen.

Modell 5

1. Tid	Arbeid i petroleumsverksemda offshore i perioden 1966–1990
2. Gruppe	Ingen yrkesgrupper som har arbeidd offshore, skal utelukkast
3. Medisinsk	Dokumentert varig sjukdom eller skade som har mogleg samanheng med kjemisk eksponering for boreslam, hydrokarbon og/eller benzen i arbeidet offshore

Det går fram av utgreiinga at modell 5 er beskriven etter ønske frå éin medlem som meinte at ingen som har arbeidd offshore, kan utelukkast frå å vere kjemisk eksponert. Samtidig går det fram at ingen av medlemmene foreslo denne modellen, sidan dei ikkje vurderte dette som eit realistisk og sjølvstendig alternativ.

Felles for alle modellane er at arbeidstakaren må ha arbeidd i petroleumsverksemda offshore i «pionertida». Medlemmene i kommisjonen var einige om at pionertida tok til i 1966, men ueinige om kor langvarig perioden bør reknast for å ha vore. Tre medlemmer meinte at skjeringsstidspunktet bør settast til 1985, tre medlemmer meinte 1990, og éin medlem meinte at pionertida bør strekkast til 1995.

Når det gjeld kva arbeidstakarar som bør vere omfatta av ordninga, føreset modellane 1–3 at arbeidstakaren må ha arbeidd innanfor aktivitetsområda «boring og brønn» og «produksjon og vedlikehald» og innanfor spesifikke arbeidstakargrupper på desse områda. I modell 4 og 5 legg kommisjonen til grunn at ingen yrkesgrupper som har arbeidd offshore, skal utelukkast frå ordninga. I modell 4 og 5 er det derfor ikkje stilt krav om at arbeidstakaren må ha arbeidd innanfor bestemte aktivitetsområder.

Modellane stiller også ulike krav til kva medisinske kriterium og årsakssamanhengar som skal leggst til grunn for ordninga. I modell 1, 2 og 5 er det krav om dokumentert varig skade eller sjukdom som har samanheng med kjemisk eksponering for boreslam, hydrokarbon eller benzen. Kravet til årsakssamanheng er strengast i modell 1, der det er krav om at sjukdommen eller skaden «mest sannsynleg» kjem av eksponering for dei nemnde kjemikalia. I modell 2 og 5 er det lempelegare krav til årsakssamanheng, ved at det berre er krav om ein «mogleg» samanheng.

I modell 3 er det krav om mottak av uføretrygd frå folketrygda på søknadstidspunktet eller innvilga uføretrygd før alderspensjon. Uførleiken må ha samanheng med sjukdom som kjem av kjemikalieeksponering. I modell 4 er relevante helse-skadar utvida betydeleg.

4 Høyringa

4.1 Innleiing

Arbeids- og inkluderingsdepartementet sende 20. januar 2023 NOU 2022: 19 *Oljepionerene – en kompensasjonsordning* på høyring med frist 2. juni 2023. Høyringsnotatet blei sendt til desse høyringsinstansane:

Barne- og familiedepartementet
Finansdepartementet
Forsvarsdepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet
Justis- og beredskapsdepartementet
Kommunal- og distriktsdepartementet
Kultur- og likestillingsdepartementet
Kunnskapsdepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Nærings- og fiskeridepartementet
Olje- og energidepartementet
Samferdselsdepartementet
Utenriksdepartementet

Arbeids- og velferdsdirektoratet (Nav)
Arbeidstilsynet
Datatilsynet
Diskrimineringsnemnda
Finanstilsynet
Forbrukerrådet
Forbrukertilsynet
Likestillings- og diskrimineringsombudet
Oljedirektoratet
Petroleumstilsynet
Regjeringsadvokaten
Sjøfartsdirektoratet
Skatteetaten
Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI)
Statsforvaltarane
Trygderetten
Tvisteløsningsnemnda

Høgskolen i Innlandet
Høgskolen i Molde – Vitenskapelig høgskole i logistikk
Høgskolen i Østfold
Høgskulen i Volda
Høgskulen på Vestlandet

Institutt for offentlig rett (Universitetet i Oslo)
Institutt for privatrett (Universitetet i Oslo)
Kreftregisteret – Institutt for populasjonsbasert kreftforskning
Nord universitet
Norges Handelshøyskole
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
OsloMet – storbyuniversitetet
Senter for velferds- og arbeidslivsforskning
Universitetet i Agder
Universitetet i Bergen
Universitetet i Oslo
Universitetet i Stavanger
Universitetet i Sørøst-Norge
Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet

Sametinget
Stortingets ombud for kontroll med forvaltningen (Sivilombudet)

Arbeidsmedisinsk avdeling ved St. Olavs hospital
Arbeidsmedisinsk avdeling ved Sykehuset Telemark
Arbeidsmedisinsk poliklinikk ved Helse Bergen HF
Arbeids- og miljømedisinsk avdeling ved Universitetssykehuset Nord-Norge HF (UNN)
Seksjon for miljø og arbeidsmedisin ved Oslo Universitetssykehus (OUS)

Handelshøyskolen BI Oslo
Forskningstiftelsen Fafo
Frischsenteret
Institutt for samfunnsforskning
Norce (Norwegian Research Centre AS)
Samfunns- og næringslivsforskning
SINTEF Teknologi og samfunn
Stiftelsen Rogalandsforskning

Akademikerne
ALT c/o Industri Energi
Arbeiderbevegelsens Arbeidsgiverforening
Arbeidsgiverforeningen Spekter
De samarbeidende organisasjoner
Finans Norge

Industri Energi
 Kommunesektorens Organisasjon (KS)
 Landsorganisasjonen i Norge (LO)
 Lederne
 Maskinentreprenørenes Forbund
 Norges ingeniør- og teknologorganisasjon (NITO)
 Norges Rederiforbund
 Norsk Industri
 Norsk Yrkeshygienisk Forening
 Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
 Næringslivets sikkerhetsorganisasjon
 Offshore Norge
 Rådgivende Ingeniørers Forening
 SAFE
 SMB Norge
 Unio
 Virke
 Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund

Arbeidsmiljøsenderet
 Arbeidsmiljøskaddes Landsforening (A.L.F.)
 Brannmenn Mot Kreft
 Fremtind Forsikring
 Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
 Gjensidige Forsikring
 If Skadeforsikring
 Juridisk rådgivning for kvinner
 JussBuss
 Jussformidlingen i Bergen
 Jusshjelpa i Nord-Norge
 Kreftforeningen
 Norges Handikapforbund
 Norges Kvinne- og familieforbund
 Norsk Kvinnesaksforening
 Norsk Oljemuseum
 Oslo Economics
 Rettspolitisk forening
 Tryg Forsikring

Høyringa blei også lagt ut på nettsidene til regjeringa, der det blei gjort merksam på at høyringar er opne, og at alle kan sende innspel. Desse har komme med realitetsmerknader:

Arbeids- og velferdsdirektoratet (Nav)
 Arbeidstilsynet
 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap
 Petroleumstilsynet
 Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI)
 Statens sivilrettsforvaltning

Kreftregisteret – Institutt for populasjonsbasert kreftforskning

Arbeidsmedisinsk avdeling ved St. Olavs hospital

Arbeidsmedisinsk avdeling ved Sykehuset
 Telemark
 Arbeidsmedisinsk poliklinikk ved
 Helse Bergen HF
 Arbeids- og miljømedisinsk avdeling ved
 Universitetssykehuset Nord-Norge HF (UNN)
 Seksjon for miljø og arbeidsmedisin ved Oslo
 Universitetssykehus (OUS)

Det norske maskinistforbund
 Industri Energi
 Landsorganisasjonen i Norge (LO)
 Lederne
 LO i Trondheim og omegn
 NITO – Norges ingeniør- og teknologorganisasjon
 Norsk arbeidsmedisinsk forening
 Norsk Yrkeshygienisk Forening
 Offshore Norge
 SAFE
 SAFE i Equinor avdeling Sokkel
 SAFE i Oceaneering
 SAFE områdeutvalg – Konstruksjon og vedlikehold (ISO)
 Samfunnsbedriftene
 Vernetjenesten i Vår Energi

A.L.F. Offshore
 Arbeidsmiljøskaddes Landsforening (A.L.F.)
 Brannmenn Mot Kreft
 Kreftforeningen
 Nordsjødykker Alliansen

I tillegg har 23 enkeltpersonar gitt høyringssvar.

Desse høyringsinstansane uttalte at dei ikkje hadde merknader, eller at dei ikkje ønskte å gi høyringsfråsegn:

Forsvarsdepartementet
 Justis- og beredskapsdepartementet
 Kunnskapsdepartementet
 Landbruks- og matdepartementet
 Samferdselsdepartementet

Petroleumstilsynet
 Skattedirektoratet

Equinor
 Odfjell

4.2 Syntet til høyringsinstansane

Høyringsinstansane som har uttalt seg, støttar i hovudsak forslaget frå kommisjonen om å eta-

blere ei særskild kompensasjonsordning for ei gruppe oljearbeidarar. *LO* framhevar i den samanhengen:

«Utfordringer med ny industri med nye, ukjente forhold, ledelses- og arbeidskultur preget av mangel på bedriftsdemokrati og vernearbeid, høy eksponering for farlige stoffer, mangel på koordinert og effektivt HMS-arbeid og ikke minst mangelfullt regelverk og tilsyn, er alle forhold som skiller seg ut for denne gruppen arbeidere og gjør en kompensasjonsordning riktig og viktig».

STAMI peikar på at «saken reiser prinsipielle spørsmål om hvorvidt det er saklig grunn til å «forskjellsbehandle» en gruppe på denne måten, ved å gi rettigheter utover det man allerede har gjennom folketrygdloven og yrkesskadeforsikringsloven». *STAMI* viser også til at eksponeringa for kreftframkallande stoff truleg var høg også i landbasert verksemd på den tida, og at det kan vere uklart om risikoen for enkelte stoff var vesentleg høgare offshore enn elles.

Mange av høyringsinstansane har også innspel til dei ulike modellane og kriteria som er skiserte i utgreiinga.

LO støttar modell 2, men meiner skjeringsstidspunktet for pionertida bør vere ein stad mellom 1992 og 1995. *LO* viser til tidspunktet for innføringa av vernelovgivinga og tida det tok før regelverket fekk praktisk gjennomslag. *LO* uttrykker også støtte til kravet til årsakssamanheng i modellen, og viser til at:

«Noe av utfordringen for oljepionerene har vært nettopp å kunne dokumentere årsakssammenhengen som mest sannsynlig, etter som blant annet kartleggingen av kjemisk eksponering var mangelfull og medisinsk forskning på dette feltet var under utvikling».

I tillegg held *LO* fram at etterlatne bør vere omfatta av ordninga, og at kompensasjonsnivået bør tilsvare ordninga for nordsjødykkarane. Også *Industri Energi* støttar modell 2, men meiner at skjeringsstidspunktet for pionertida bør vere mellom 1992 og 1995. *Industri Energi* viser til at arbeidsmiljøloven tok til å gjelde for flyttbare innretningar i 1992, og at forskrifta om systematisk oppfølging av arbeidsmiljøet i petroleumsverksemda («SAM-forskrifta») blei innført i 1995. Vidare meiner *Industri Energi* at kompensasjonen bør tilsvare ordninga for nordsjødykkarar, og at etterlatne bør vere omfatta.

Fleire høyringsinstansar – *SAFE*, *A.L.F.* og *Lederne* – framhevar særmerknadene frå kommisjonsmedlem Erikstein. Erikstein foreslo blant anna å strekke pionertida fram til 1995 og tok til orde for at ingen yrkesgrupper offshore burde utelukkast frå ei kompensasjonsordning for kjemisk skadde oljepionerar.

Også *NITO* støttar Eriksteins særmerknader om tids- og gruppekriteria, men stiller spørsmål ved om tidsgrensa bør settast enda seinare enn 1995, og viser til at HMS-forbetringar har tatt lang tid. *NITO* ønsker også ei endra bevisbyrde, der arbeidsgivaren må bevise at helseskaden ikkje kjem av arbeidsforholda. I tillegg meiner *NITO* at dei ansvarlege selskapa bør bidra til å finansiere ordninga.

Offshore Norge tar til orde for modell 2A, det vil seie at pionertida skal reknast som avslutta i 1985. Organisasjonen meiner at arbeidsforholda etter 1985 ikkje skilde seg vesentleg frå forholda i annan industri.

STAMI har fleire kommentarar til rapporten. Også *STAMI* meiner det kan argumenterast for at skjeringsstidspunktet for pionertida skal vere 1985. Dei viser blant anna til at Kreftregisteret fann overhyppigheit av kreftformer hos dei som blei tilsette offshore før 1986, men ikkje for dei som blei tilsette etter 1986. Når det gjeld gruppekriteria, viser *STAMI* til at varigheita av arbeidsforholdet vil vere relevant. Når det gjeld dei medisinske kriteria, peiker *STAMI* på at kommisjonen legg til grunn at løysemiddelskade kan oppstå ved lågare eksponering enn det som er allment akseptert, utan at det er underbygd med referanse til spesiell litteratur.

Statens sivilrettsforvaltning støttar tidskriteriet der pionertida varer frå 1966 til 1990, og viser til kva tid yrkesskadeforsikringsloven tredde i kraft, og til den tilsvarande løysinga for nordsjødykkarane.

Arbeidsmedisinske avdelingar ved Sjukehuset Telemark, Helse Bergen, UNN og OUS har fleire innspel til rapporten frå kommisjonen. Avdelingane meiner at det er andre grupper i landbasert verksemd som truleg har vore utsette for tilsvarande eksponering som dei arbeidstakarane som fleirtalet foreslår å inkludere i ordninga. Dei er også kritiske til årsakskravet som fleirtalet foreslår. Avdelingane meiner innhaldet er uklart, og vesentleg ulikt kravet i andre yrkessjukdomsaker. Vidare skriv avdelingane at tidsbruken ved forenkla arbeidsmedisinske vurderingar kan vere underestimert.

Arbeidsmedisinsk avdeling ved St. Olavs hospital, LO Trondheim og A.L.F. Offshore uttaler seg

også om tidskriteriet og meiner at grensa for kva tid pionertida skal reknast som over, bør gå ein stad på 1990-talet. Arbeidsmedisinsk avdeling ved St. Olavs hospital grunngir dette med at regelverksendringar ikkje førte til direkte endringar i praksis, og at tekniske løysingar med potensielt helseskadelege konsekvensar framleis er i bruk.

Når det gjeld tidskriteriet, viser *Kreftforeningen* til ordninga for nordsjødykkarane som inkluderte perioden fram til 1990. Dette er forhold som

saman med tidspunktet for innføring av «SAM-forskrifta» bør tilleggast vekt ved val av tidskriterium. Kreftforeningen understrekar også at dei medisinske kriteria bør ta omsyn til risikoen ved asbesteksponering.

Brannmenn Mot Kreft støttar årsakskravet foreslått i modell 2, og meiner dette i større grad samsvarer med formålet bak yrkesskadelovgivinga.

5 Departementet sine vurderingar og forslag

5.1 Innleiing

I tråd med Stortingets oppmodingsvedtak nr. 220 (2024–2025) fremmar departementet forslag om å lov feste ei kompensasjonsordning basert på anbefalingane i NOU 2022: 19 *Oljepionerene – en kompensasjonsordning*. Den foreslåtte kompensasjonsordninga vil vere ei ex gratia-ordning og inneber ikkje eit rettsleg erstatningsansvar for staten.

Departementet foreslår ei ordning som baserer seg på Oljepionerkommisjonenens «modell 2», som er forslaget frå fleirtalet i utgreiinga til kommisjonen. Departementet foreslår at det skal opprettast ei uavhengig nemnd som skal behandle søknader om kompensasjon, sjå punkt 5.6 nedanfor. I tråd med anbefalinga frå kommisjonen foreslår departementet at kompensasjonsordninga skal vere tidsavgrensa, og at søknader om kompensasjon må vere fremma for nemnda innan to år frå lova trer i kraft, sjå punkt 5.7.

Departementet foreslår, i tråd med fleirtalet i kommisjonen, at også etterlatne skal vere omfatta av ordninga dersom den avdøde oppfylte vilkåra for økonomisk kompensasjon.

Etter forslaget er det ikkje stilt vilkår om statsborgarskap, trygdetilknytning eller liknande. Norske og utanlandske arbeidstakarar skal med det ha same høve til å søke om kompensasjon etter ordninga.

5.2 Verkeområdet til ordninga og vilkår for økonomisk kompensasjon

5.2.1 Pionertida

For å vere omfatta av ordninga må søkeren etter forslaget ha arbeidd i petroleumsverksemda offshore på norsk kontinentalsokkel i «pionertida». Som beskrive ovanfor var medlemmene i Oljepionerkommisjonen ikkje einige om kva tidsperiode som burde leggst til grunn for «modell 2». Tre medlemmer foreslo at pionertida i petroleumsverksemda offshore skulle definerast som perioden 1966–1985 («modell 2A»), og tre medlemmer foreslo at tidsperioden skulle vere 1966–1990 («modell 2B»). Ein

medlem foreslo kommisjonenens «modell 4» og at tidsperioden skulle vere 1966–1995.

Departementet foreslår å sette pionertida til perioden 1966–1990. Departementet viser til at sjølv om petroleumsloven tredde i kraft i 1985, var det først frå 1990 at det blei meir merksemd rundt helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid knytt til helseskadar på grunn av eksponering for kjemikalium. På 1980-talet var merksemda i større grad knytt til å forhindre personskadar og storulykker, særleg i lys av Alexander Kielland-ulykka. Departementet viser til at det blei sett i gang fleire forskriftsarbeid etter at lova tredde i kraft, og at det tok noko tid å ferdigstille og implementere regelverket for arbeidsmiljø og sikkerheit. Det tok også litt tid før arbeidsmiljø blei ein del av internkontrollen i verksemdene. Vidare var det først frå 1990-talet at det blei lagt meir vekt på arbeidet med å kartlegge eksponering for kjemikalium og potensielle helseskadar. Slik departementet ser det, talar dette for at skjerings-tidspunktet bør settast til 1990. Departementet viser elles til vurderingane i NOU 2022: 19 punkt 10.5.1. Endeleg viser departementet til at 1990 er det same skjerings-tidspunktet som blei lagt til grunn i kompensasjonsordninga for nordsjødykkarane.

5.2.2 Aktivitetsområde og arbeidstakargrupper

Departementet foreslår, i tråd med fleirtalet i kommisjonen, at ordninga avgrensast til visse aktivitetsområde og arbeidstakargrupper. Avgrensinga baserer seg på at ei gruppe arbeidstakarar som utførte visse typar aktivitetar, var særleg utsett for eksponering for helseskadelege kjemikalium. Dette gjeld ifølge fleirtalet i kommisjonen arbeidstakarar som arbeidde innanfor aktivitetsområda «boring og brønn» og «produksjon og vedlikehald». Arbeidet offshore innanfor desse aktivitetsområda innebar eksponering for hydrokarbon, boreslam og benzen. Dette er helseskadelege eksponeringsforhold som ein ikkje fann for andre tilsvarande grupper i landbasert verksemd på den same tida, sjå NOU 2022: 19 punkt 9.2.3. At ei gruppe oljearbeidarar offshore blei utsett for denne typen eksponering for helseskadelege kje-

mikaliu som ikkje var samanliknbar med landbasert verksemd, er ein av hovudgrunnane til at kommisjonen konkluderte med at ei kompensasjonsordning vil vere ei riktig og hensiktsmessig oppfølging av denne gruppa. Departementet foreslår derfor at det er eksponering for desse kjemikalia innanfor dei nemnde aktivitetsområda som skal leggst til grunn for kompensasjonsordninga.

I tråd med anbefalinga frå kommisjonen foreslår departementet at lovteksten bør avgrense dei aktuelle arbeidstakargruppene, slik at ordninga blir mest mogleg målretta, sjå NOU 2022: 19 punkt 10.3. Her går det fram at det innanfor «boring og brønn» særleg var dekkssarbeidarar, boredekkssarbeidarar, tårnmenn, assisterande tårnmenn, riggmekanikarar, slamsloggarar og sementerarar som blei eksponerte for dei nemnde kjemikalia. Innanfor «produksjon og vedlikehald» var det særleg prosessoperatørar, laboratoriemekanikarar, mekanikarar, elektrikarar, automatikarar, maskinistar og teknisk cleanerar som blei eksponerte. Departementet foreslår å presisere særskild i lova at søkaren må ha tilhøyrte ein av desse arbeidstakarkategoriene for å ha rett til kompensasjon. Ei slik avgrensing er i tråd med føresetnaden i modell 2 som omfattar «spesifikke grupper innanfor desse områda».

5.2.3 Medisinske kriterium

5.2.3.1 Varig sjukdom eller skade

I tråd med fleirtalet i kommisjonen, foreslår departementet at arbeidstakaren må ha fått ein dokumentert varig sjukdom eller skade som har mogleg samanheng med kjemisk eksponering for boreslam, hydrokarbon eller benzen i arbeidet offshore for å ha krav på kompensasjon.

Kunnskapsgrunnlaget i kapittel 8 i NOU 2022: 19 inneheld ein grundig gjennomgang av kjemikalieeksponering offshore og helseeffektar i samband med det. Av punkt 8.2.3 i rapporten går det fram kva sjukdommar og skadar som kan oppstå ved eksponering for boreslam, hydrokarbon og benzen i arbeidet offshore. Ifølge kommisjonen er det basert på dagens kunnskap «dokumentert samanheng mellom eksponering for boreslam, hydrokarboner og benzen og sykdommer som blodkreft, lungekreft, lymfekreft, lungehinnekreft (mesoteliom) og løsemiddelskader på sentralnervesystemet», sjå punkt 8.2.3.5 i rapporten.

I punkt 8.2.3.4 blir også eggstokkreft, strupekreft, mesoteliom (som omfattar lungehinnekreft og bukhinnekreft) og asbestose nemnde som sjukdommar som har ein dokumentert saman-

heng med eksponering for asbest i samband med at asbest blant anna blei brukt som tilsetjing i boreslam. Sjå også tabell 8.4 i rapporten.

Etter departementet sitt syn bør det, slik kommisjonen legg til grunn, vere sjukdommar og skadar som har ein dokumentert samanheng med eksponering for boreslam, hydrokarbon og benzen, som skal kunne gi rett til kompensasjon. Dette er eksponeringsforhold som var særskilde for arbeidet offshore i pionertida, og som ikkje var like for elles samanliknbare arbeidstakargrupper i det landbaserte arbeidslivet i tilsvarende periode. Det finst fleire typar blod- og lymfekreft, men det er ifølge Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI) berre nokre av desse som har ein dokumentert samanheng med eksponering for dei nemnde kjemikalia. Dette omfattar akutt myelogen leukemi, myelodysplastisk neoplasia (MDS), myelomatose og kronisk lymfatisk leukemi. Departementet legg til grunn at det er desse typane blod- og lymfekreft, samt dei andre sjukdommane og skadane som er nemnde ovanfor, som bør vere omfatta av ordninga og kunne gi rett til kompensasjon.

Ifølge rapporten punkt 8.2.3.2 kan boreslam på hud føre til hudskadar, typisk i form av toksisk kontakteksem. Slik departementet les rapporten, ser denne diagnosen likevel ikkje ut til å ha vore ein del av fleirtalet sitt forslag til modell 2. Departementet viser til at modell 2 stiller krav om at sjukdommen eller skaden må vere «varig», og skil seg såleis frå modell 4 der relevante helseskadar er utvida betydeleg, sjå NOU 2022: 19 side 103. At sjukdommen eller skaden må vere «varig», tilseier etter departementet sitt syn at kortvarige og meir forbigåande tilstandar fell utanfor forslaget frå kommisjonen. Om ein sjukdom eller skade er varig, må i utgangspunktet vurderast konkret. Ifølge STAMI finst det ikkje eit tilstrekkeleg vitenskapleg kunnskapsgrunnlag for å gruppere toksisk kontakteksem som ein særskild og definert kronisk sjukdom som ifølge av eksponering for komponentar i boreslam. Departementet viser elles til at toksisk kontakteksem også førekom i andre landbaserte bransjar i den same perioden, og også førekjem i ein del yrke i dag.

Departementet viser vidare til at denne diagnosen ikkje ser ut til å ha vore ein del av kostnadsberekningane Oslo Economics gjorde i samband med modell 2, sjå NOU 2022: 19 punkt 15.1. Departementet legg til grunn at å inkludere toksisk kontakteksem vil utvide populasjonen av moglege dekningsberettigta betydeleg i høve til kommisjonsutgreiinga sitt anslag. Departementet vil vidare vise til at departementet oppfatar toksisk kontakteksem som å vere av ein litt annan karakter enn dei

svært alvorlege kreftsjukdommane som går fram av rapporten sitt punkt 8.2.3, og at også dette talar for at det fell utanfor modell 2.

Basert på kunnskapsgrunnlaget i rapporten og anbefalinga frå STAMI foreslår departementet på denne bakgrunn at akutt myelogen leukemi, myelodysplastisk neoplas (MDS), myelomatose, kronisk lymfatisk leukemi, lungekreft, mesoteliom (lungehinnekraft og bukkinnekraft), eggstokkreft, strupekreft, asbestose og løysemiddelskadar på sentralnervesystemet skal kunne gi rett til kompensasjon etter ordninga. Departementet foreslår at dette skal gå fram direkte av lova, og at lista skal vere uttømmmande.

5.2.3.2 *Mogleg samanheng*

I Oljepionerkommisjonen sin modell 2 blir det stilt krav om varig sjukdom eller skade som på gruppenivå har dokumentert samanheng med eksponering for boreslam, hydrokarbon eller benzen i offshorearbeidet. På individnivå må det vere ein «mogleg samanheng» mellom sjukdommen eller skaden og kjemikalieeksponeringa.

Kravet om «mogleg samanheng» inneber eit lempelegare årsakskrav enn i dei generelle yrkes-skadeordningane, ved at det ikkje er stilt krav om sannsynlegheitsovervekt. Etter forslaget frå kommisjonen skal det vere nok at det er mogleg at sjukdommen eller skaden kjem av eksponering for dei nemnde kjemikalia i arbeidet offshore. Ifølge kommisjonen er det «tilstrekkelig at en medisinsk undersøkelse viser at det er mulig at helseskader er relatert til kjemikalieskader i arbeidet. Skaden/

sykdommen skal anses som forårsaket av arbeidet med mindre det kan påvises at dette åpenbart ikke er tilfellet. Eventuell tvil vil i så fall komme oljepioneren til gode», sjå NOU 2022: 19 punkt 11.3.1.

For å vurdere om det for dei enkelte oljepionerane ligg føre ein mogleg samanheng mellom skaden eller sjukdommen og kjemikalieeksponering i arbeidet offshore, føreset Oljepionerkommisjonen at det alltid skal gjennomførast (forenkla) individuelle arbeidsmedisinske utgreiingar, sjå punkt 5.8 nedanfor.

Departementet vil vise til at sentrale moment i vurderinga av om det ligg føre ein mogleg samanheng mellom eksponering og varig sjukdom eller skade, vil vere kor lenge vedkommande arbeida offshore innanfor eitt eller fleire av dei aktuelle aktivitetssområda og arbeidstakargruppene i pionertida (eksponeringstid), og tida det tok frå eksponeringa til sjukdommen oppsto eller diagnosen blei stilt (latenstid). Til eksempel oppstår akutt blodkreft vanlegvis innanfor 10 år etter eksponeringsopphøyr, mens lymfekreft og lungekreft vanlegvis opptre innanfor 30 år etter eksponeringsopphøyr, sjå NOU 2022: 19 punkt 8.2.3.

Når det i kompensasjonsordninga berre skal stillast krav om «mogleg samanheng», er det, slik departementet ser det, naturleg å senke kravet til eksponeringstid og latenstid i forhold til den etablerte praksisen etter dei universelle yrkesskaderstatningsordningane. Etter å ha innhenta innspel frå STAMI, meiner departementet at følgjande eksponeringstider og latenstidene bør vere rettleiande i vurderinga av om det ligg føre ein mogleg samanheng på individnivå.

Tabell 5.1

Sjukdom/skade	Eksponeringstid	Tid frå første eksponering til diagnose (latenstid)
Akutt myelogen leukemi	2 år	2 år
Myelodysplastisk neoplas (MDS)	5 år	15 år
Myelomatose	5 år	15 år
Kronisk lymfatisk leukemi	5 år	15 år
Lungekreft	5 år	15 år
Lungehinnekraft (mesoteliom)	2 år	20 år
Bukkinnekraft (mesoteliom)	2 år	20 år
Eggstokkreft	5 år	15 år
Strupekreft	5 år	15 år
Asbestose	5 år	20 år
Løysemiddelskade på sentralnervesystemet	5 år	Symptom debuterte under pågåande eksponering

Departementet understrekar at tidsanslaga i tabell 5.1 berre skal vere rettleiande for nemnda og for helsepersonell som gjer arbeidsmedisinske utgreingar. Departementet viser vidare til at eksponeringstida ikkje treng å vere samanhengande, og at latenstida uansett bør bli rekna frå tidspunktet for første eksponering. Dersom ein oljepioner for eksempel har arbeidd offshore i perioden mellom 1966 og 1990 (pionertida) innanfor relevant aktivitetssområde og arbeidstakargruppe i fem år, og har fått påvist lungekreft etter 15 år, vil kravet om mogleg samanheng normalt vere oppfylt, slik departementet ser det. Departementet legg med andre ord til grunn at det ikkje i alle tilfelle er nødvendig å gjere ei arbeidsmedisinsk utgreiing for å kunne få kompensasjon. Dersom eksponerings- eller latenstida er *lågare* enn tabellen anslår, meiner departementet at det på bakgrunn av ei individuell arbeidsmedisinsk utgreiing må takast konkret stilling til om den faktiske eksponerings- og/eller latenstida vil utelukke at det er mogleg samanheng mellom eksponeringa og sjukdommen.

5.3 Størrelsen på kompensasjonen

Det var ikkje ein del av mandatet til kommisjonen å foreslå størrelse på kompensasjonen. Kommisjonen har derfor ikkje tatt stilling til dette spørsmålet. For å kunne synleggjere dei økonomiske og administrative konsekvensane av dei ulike modellane, la kommisjonen tre alternative nivå for kompensasjon til grunn: nivå tilsvarende kompensasjon i nordsjødykkarsaka (inntil 65 G), nivå tilsvarende grunnerstatning i yrkesskadeforsikringsordninga (inntil 30 G) og nivå tilsvarende rettferdsvederlag frå staten (inntil 250 000 kroner). Etter berekningar frå Oslo Economics vil dei totale kompensasjonsutbetalingane for dei tre nemnde alternativa utgjere høvesvis 5,2 milliardar kroner, 2,2 milliardar kroner og 122,5 millionar kroner.

Departementet foreslår å sette nivået på kompensasjonen til åtte gonger folketrygdas grunnbeløp på tidspunktet for vedtak i nemnda, eventuelt tidspunktet for rettskraftig dom. I dag inneber dette ein kompensasjon på 1 041 280 kroner.

Departementet legg til grunn at beløpet ikkje skal graderast basert på uføregrad, jf. punkt 5.9 nedanfor, og at kompensasjonen skal utbetalast som ei eingongsyting. For ordens skyld viser departementet til at det ikkje skal bereknast renter frå tidspunktet då sjukdommen eller skaden oppstod, fram til tidspunktet for vedtak i nemnda.

Departementet legg vidare fram forslag om at det fastsettast særskilt i lova at kompensasjonsutbetalinga ikkje skal vere skattepliktig. Det same blei gjort for nordsjødykkarane, sjå skatteloven § 5-15 første ledd bokstav m og Ot.prp. nr. 68 (2003–2004).

5.4 Frådrag for andre ytingar

5.4.1 Kommisjonens anbefaling

Kommisjonen anbefaler at tidlegare arbeidsgivarfinansierte erstatningsutbetalingar for den same skaden eller sjukdommen, inkludert eventuelle forlik, bør komme til frådrag ved kompensasjonsberekninga. Arbeidsgivarfinansierte erstatningsutbetalingar omfattar blant anna yrkesskadeerstatning etter yrkesskadeforsikringsloven. Når det gjeld frådrag for utbetalt kompensasjon i ei eventuell seinare personskadeerstatningssak for den same skaden, meiner kommisjonen at dette vil vere eit spørsmål som må avgjerast av retten i dei enkelte tilfella.

5.4.2 Frådrag for tidlegare utbetalt erstatning eller kompensasjon

Slik departementet ser det, tilseier rettferds- og likskapsomsyn at tidlegare utbetalt erstatning eller kompensasjon for den same skaden eller sjukdommen bør komme til frådrag ved utbetaling av kompensasjon etter denne ordninga. Personar som tidlegare har fått avslag på for eksempel krav om yrkesskadeerstatning, bør etter departementet si vurdering ikkje komme dårlegare ut enn dei som har fått gjennomslag for krava sine. Departementet viser i den samanhengen også til at det i kompensasjonsordninga for nordsjødykkarane blei gjort frådrag både for yrkesskadeerstatning og for ei statleg finansiert strakshjelpsordning, jf. Innst. S. nr. 137 (2003–2004) punkt 2.3.

På denne bakgrunnen foreslår departementet at tidlegare utbetalt yrkesskadeerstatning og annan kompensasjon eller erstatning frå arbeidsgivar for den same skaden eller sjukdommen som det er søkt om kompensasjon for, skal komme til frådrag ved utbetaling av kompensasjon. Sidan utbetalingane kan ligge langt tilbake i tid, foreslår departementet at tidlegare utbetalt beløp skal reknast om til dagens kroneverdi.

Departementet legg, i tråd med anbefalinga frå kommisjonen, til grunn at søkaren skal ha plikt til å opplyse om tidlegare utbetalingar som kan gi grunnlag for frådrag, inkludert eventuelle forlik. Som nemnt nedanfor i punkt 5.16 foreslår departe-

mentet i tillegg ein eigen heimel som gir nemnda høve til å hente inn informasjon frå forsikrings-selskap og tidlegare arbeidsgivarar om blant anna tidlegare utbetalt yrkesskadeerstatning. I forlenginga av dette foreslår departementet at det også blir fastsett ei føresegn som gir nemnda høve til å kreve tilbakebetalt urettmessig eller for høg kompensasjon som kjem av at søkaren forsettleg eller aktaust har gitt uriktige eller ufullstendige opplysningar i søknaden, jf. punkt 5.17 nedanfor.

5.4.3 Frådrag for utbetalt kompensasjon ved framtidige ytingar

Høve til å gjere frådrag for tidlegare utbetalt kompensasjon ved seinare utbetaling av yrkesskadeerstatning er regulert i forskrift 21. desember 1990 nr. 1027 om standardisert erstatning etter yrkesskedeforsikringsloven kapittel 2, jf. skadeerstatningsloven § 3-1 tredje ledd. Etter gjeldande rett finst det eit skjønsmessig høve til å gjere frådrag i yrkesskadeerstatning som skal dekke lidt tap for «annen vesentlig økonomisk støtte som skadelidte har fått eller kommer til å få som følge av skaden og til forholdene ellers». For yrkesskadeerstatning som skal dekke tap av framtidig inntekt og meinerstatning er det ikkje høve til å gjere frådrag, jf. Rt. 2007 s. 1415.

Departementet reknar med at den største tapsposten for personar som søker om yrkesskadeerstatning etter å ha fått utbetalt kompensasjon, vil vere lidd tap, ettersom forholda ligg langt tilbake i tid. Departementet legg derfor til grunn at personar som søker om yrkesskadeerstatning etter å ha fått tilkjent kompensasjon, som regel vil komme tilnærma likt ut som dei som allereie har fått tilkjent yrkesskadeerstatning før dei søker om kompensasjon. På denne bakgrunnen meiner departementet at det ikkje er hensiktsmessig å foreslå eigne særreglar om frådrag for utbetalt kompensasjon ved seinare utbetaling av yrkesskadeerstatning.

5.4.4 Lovbestemte trygdeytingar

Departementet legg til grunn at kompensasjon etter den foreslåtte ordninga skal komme i tillegg til lovbestemte trygdeytingar. Det skal derfor ikkje gjerast frådrag for slike ytingar.

5.5 Etterlatne

Departementet foreslår, i tråd med anbefalinga frå kommisjonen, at etterlatne skal kunne få kom-

pensasjon dersom den avdøde oppfylte vilkåra. Den samla retten til kompensasjon for etterlatne vil svare til det beløpet den avdøde ville ha fått etter ordninga dersom vedkomande hadde vore i live.

Departementet har i denne samanhengen særleg sett til yrkesskedeforsikringsloven som fastset at personar som ein avdød arbeidstakar heilt eller delvis hadde forsørggaransvar for, kan ha rett til erstatning etter lova, sjå yrkesskedeforsikringsloven § 12. Kven som her skal reknast som etterlatne, er nærmare regulert i forskrift 21. desember 1990 nr. 1027 om standardisert erstatning etter lov om yrkesskedeforsikring. Det følger av denne forskrifta at erstatning skal gå til ektefelle eller sambuar og til barn som var under 20 år på tidspunktet for dødsfallet, ettersom det vil innebære tap av forsørgjar.

Utgangspunktet til departementet er at reguleringa for dei etterlatne etter kjemikalieskadde oljepionerar bør følge same prinsipp som yrkesskedeforsikringsloven. Samtidig vurderer departementet at omsynet til tap av forsørgjar ikkje står like sterkt for denne gruppa, sidan dei fleste barna av oljepionerar antakeleg ikkje er i ein alder kor det er naturleg at dei blir eller ville blitt forsørgja av den avdøde. Dette gjer at det etter departementet sitt syn ikkje blir like naturleg å stille krav om at barna var under 20 år på tidspunktet for dødsfallet for å kunne få krav på kompensasjon.

Departementet foreslår etter dette at etterlatne etter kompensasjonsordninga først og fremst skal vere ektefelle og sambuar. Registrert partner likestillast med ektefelle, sjå ekteskapsloven § 111 andre ledd. I tilfelle der avdøde ikkje hadde ektefelle, sambuar eller registrert partner, eller denne er død, foreslår departementet at kompensasjonen skal gå til den avdøde sine barn, utan nærmare vilkår om forsørging eller alder på barna. Dersom det i slike tilfeller er fleire barn etter avdøde, skal kompensasjonen etter departementet sitt forslag deles likt mellom desse. Slik situasjonen er etter yrkesskedeforsikringsloven, vil andre arvingar etter avdøde, som for eksempel barnebarn, etter departementet sitt forslag ikkje ha rett til kompensasjon.

For at nemnda skal få oversikt over kven dei etterlatne er, og kunne ta stilling til om søkarane er berettiga kompensasjon, foreslår departementet at etterlatne som søker om kompensasjon må legge fram dokumentasjon om relasjonen til den avdøde, for eksempel i form av ei skifteattest, jf. punkt 5.7 nedanfor.

5.6 Oljepionernemnda

I tråd med anbefalinga frå kommisjonen foreslår departementet at det skal opprettast ei nemnd som skal forvalte kompensasjonsordninga. Oljepionernemnda skal vere uavhengig og ikkje underlagd instruksjonsmyndigheita til departementet. Departementet eller andre organ skal heller ikkje kunne gjere om vedtak i nemnda om behandling av søknader om kompensasjon.

Departementet foreslår at nemnda skal bestå av ein nemndsleiar og to ordinære medlemmer. Departementet foreslår vidare å regelfeste at nemnda skal ha både juridisk og arbeidsmedisinsk kompetanse. Det vil også kunne vere hensiktsmessig å se til at nemnda har innsikt i petroleumsverksemda. Etter forslaget skal departementet oppnemne medlemmene i nemnda.

I tråd med anbefalingane frå kommisjonen meiner departementet at det er hensiktsmessig å knyte sekretariatet i nemnda til ein eksisterande instans som har rutinar og system som kan handtere utbetalingar, behandling av personopplysningar med vidare. Departementet foreslår å legge sekretariatet i nemnda til Arbeids- og velferdsdirektoratet (Nav). Nemnda vil da kunne nytte seg av infrastrukturen til Nav for saksbehandling og utbetaling. Sekretariatet skal fullt og heilt vere underlagt den faglege instruksjonsmyndigheita til nemnda.

5.7 Søknad om økonomisk kompensasjon og dokumentasjonskrav

Departementet meiner, i tråd med anbefalingane frå kommisjonen, at kompensasjonsordninga skal vere tidsavgrensa. Departementet foreslår at det skal settast ein to-årsfrist for å fremme søknad om kompensasjon, rekna frå lova si iverksetjing. Etter departementet sitt syn vil ein slik frist gi potensielle søkarar god tid til å hente inn relevant dokumentasjon og sende inn søknad. Søknader som fremmast etter dette tidspunktet skal etter departementets forslag ikkje behandlast.

Søknad skal fremmast på skjema fastsett av nemnda. Det er dei enkelte søkarane som sjølve må dokumentere at vilkåra for å få økonomisk kompensasjon er oppfylte. Departementet meiner det bør regulerast særskilt i lova kva for ei dokumentasjon søkaren, som eit minimum, må legge fram. Konkret foreslår departementet å stille krav om at søknaden må innehalde dokumentasjon som viser følgjande:

- at søkaren har arbeidd i petroleumsverksemda offshore på norsk kontinentalsokkel i pionerpertida,
- at vedkommande arbeidde innanfor eitt av dei lovfaste aktivitetssområda og arbeidstakar-gruppene, inkludert opplysningar om kva tid arbeidet blei utført, og kor lenge arbeidet varte,
- at vedkommande har fått påvist varig skade eller sjukdom som angitt i lova og informasjon om når denne helsetilstanda blei påvist,
- om og i kva utstrekning vedkommande har mottatt yrkesskadeerstatning eller annan kompensasjon for skaden eller sjukdommen som det blir søkt om kompensasjon for.

Dokumentasjon kan for eksempel gå fram av attestar, lønsslippar, opplysningar frå arbeidsgivar, sjukehusepikrisar, fagforeiningsdokument eller skatteopplysningar.

Etterlatne må dokumentere at avdøde oppfylte vilkåra for å få rett til kompensasjon, og at dei er berettiga til kompensasjon gjennom si relasjon til avdøde, for eksempel ved å sende inn skifteattest. Departementet legg vidare til grunn at barn som søker om kompensasjon må opplyse om den avdøde hadde ektefelle eller sambuar som framleis lever, og om den avdøde har fleire barn.

Dersom søkaren, trass i oppmoding frå nemnda, ikkje legg fram den dokumentasjonen som lova krev, vil nemnda normalt kunne avslå søknaden gjennom forenkla behandling, fordi det vil vere openbert at vilkåra ikkje er oppfylte, sjå punkt 5.10 nedanfor.

Nemnda kan under behandling av dei enkelte søknadene også be om fleire opplysningar frå dei enkelte søkarane eller hente inn opplysningar sjølv, sjå nedanfor i punkt 5.16, dersom nemnda meiner det er nødvendig.

Etter at søknaden er tatt til behandling og nemnda har fått nødvendig dokumentasjon, avgjer nemnda om det er nødvendig å tilvise søkaren til arbeidsmedisinsk utgreiing, jf. punkt 5.8.

5.8 Arbeidsmedisinsk utgreiing

Kommisjonen sin modell 2 føreset at det skal gjennomførast ei arbeidsmedisinsk spesialistutgreiing av kvar enkelt søkar for å vurdere om det ligg føre mogleg samanheng mellom kjemikalieeksponering og angitt sjukdom eller skade. I Noreg blir slike arbeidsmedisinske utgreiingar gjennomførte ved dei fem arbeidsmedisinske avdelingane under dei regionale helseføretaka i Tromsø, Bergen,

Trondheim, Skien og Oslo og ved arbeidsmedisinsk poliklinikk ved Statens arbeidsmiljøinstitutt.

Departementet foreslår at det skal gjennomførast ei arbeidsmedisinsk utgreiing i dei tilfelle det er nødvendig. Departementet legg til grunn at i tilfelle der det er lagt fram dokumentasjon som klart viser at det ligg føre ein mogleg samanheng mellom kjemikalieeksposering og sjukdommen eller skaden, kan det vere unødvendig å gjennomføre ei arbeidsmedisinsk utgreiing i det heile. Dette kan for eksempel vere tilfelle der søkaren har fått godkjent krav om yrkesskadeerstatning på bakgrunn av ein sjukdom eller skade som gir rett til kompensasjon etter ordninga, sjå også nedanfor under punkt 5.11 om «hurtigspor». Dersom søkaren for eksempel oppfyller dei rettleiande tidsanslaga for eksponeringstid og latenstid, sjå punkt 5.2.3.2, vil det normalt heller ikkje vere nødvendig å tilvise til arbeidsmedisinsk utgreiing. Dette vil korte ned saksbehandlingstida og sikre ei hurtigare behandling enn det kommisjonen la opp til.

I dei tilfella det er nødvendig å gjennomføre ei arbeidsmedisinsk utgreiing, vurderer departementet at det av ressursomsyn og i lys av det meir lempelige kravet til årsakssamanheng, vil vere tilstrekkeleg med forenkla arbeidsmedisinske utgreiingar. Det er klarlagt at det er rekna som fagleg forsvarleg å basere ordninga på slike forenkla utgreiingar, sjå NOU 2022: 19 punkt 11.3.2 og 11.4.

Forenkla arbeidsmedisinske utgreiingar inneber ei hurtigare behandling enn ordinære utgreiingar. Departementet legg til grunn at utgreiinga ofte kan gjennomførast som ei kontorforretning, basert på ein dokumentgjennomgang. Dei arbeidsmedisinske avdelingane avgjer om det i tillegg er nødvendig med for eksempel telefonkontakt eller fysisk oppmøte med ei meir inngåande undersøking.

5.9 Gradering

Kommisjonen opna for at individuelle undersøkingar vil kunne gi grunnlag for gradert kompensasjon. Slik departementet ser det, vil eit slikt graderingssystem i praksis utelukke forenkla arbeidsmedisinske utgreiingar, slik det er gjort greie for i punktet ovanfor. Effektivitetsomsyn, kostnadsomsyn og omsynet til eit allereie pressa arbeidsmedisinsk miljø taler etter departementet si meining klart for at det ikkje bør leggjast opp til gradert kompensasjon i denne ordninga. Departe-

mentet foreslår derfor at oljepionerar som tilfredsstiller krava i lova, skal ha rett til ein standardisert kompensasjon utan gradering.

5.10 Saksbehandlinga i nemnda

Departementet foreslår at lova skal gi reglar om saksbehandlinga i nemnda. Departementet legg samtidig til grunn at nemnda og sekretariatet utarbeider nødvendige rutinar for den nærmare saksbehandlinga.

Etter mønster av føresegnene i kapittel 12 i den nye forvaltningsloven, foreslår departementet at det skal gå fram av lova at nemnda som hovudregel skal ta avgjerder i møte. Møta kan avviklast både som fysiske møte og som fjernmøte der medlemmene kan sjå og kommunisere med kvarandre. Nemnda skal gjere ei fri bevisvurdering basert på den skriftlege framstillinga og dokumentbevisa som ligg føre. Det er ikkje lagt opp til munnleg bevisføring for nemnda.

Departementet meiner også at det av effektivitetsomsyn bør opnast for at enkelte saker kan avgjerast ved forenkla behandling. Behovet gjer seg særleg gjeldande når det er openbert at vilkåra for økonomisk kompensasjon ikkje er oppfylte og/eller søkaren ikkje har lagt fram nødvendig dokumentasjon. Departementet foreslår at det skal gå særskilt fram av lova at leiaren for nemnda i slike saker kan gjere vedtak aleine, det vil seie utan at saka har vore behandla i nemndsmøte. Søkaren har likevel rett til å rette opp feil og manglar i søknaden før søknaden eventuelt blir avslått, sjå forvaltningsloven § 11 fjerde ledd.

Vidare foreslår departementet, også det etter mønster frå den nye forvaltningsloven, å opne for at nemnda kan ta avgjerder etter skriftleg sirkulasjon av dokumenta i saka. Det er aktuelt dersom saka er kurant på bakgrunn av fast praksis i nemnda, eller dersom saka er diskutert i møte og det berre er behov for mindre avklaringar, suppleringar eller endringar før avgjerda blir tatt. Det er også aktuelt dersom avgjerda kunne vore delegert til leiaren i nemnda.

Ei avgjerd i nemnda knytt til ein søknad om kompensasjon vil vere eit enkeltvedtak og skal vere skriftleg og grunngitt. Vedtaket skal gjerast ved alminneleg fleirtal, med mindre saka blir avgjort av leiaren i nemnda aleine, og det skal opplysast om eventuell dissens. Det skal først protokoll med opplysningar om kva tid vedtaket er gjort, kva vedtaket gjeld og kva medlemmene i nemnda har stemt.

5.11 Betydninga av ei rask saksbehandling (hurtigspor)

Det er fleire som har spilt inn til departementet at dei ønsker eit «hurtigspor» for behandling av søknader om kompensasjon. Etter departementet sitt syn er det viktig at søknadene behandles på ein rask, men samtidig forsvarleg måte.

Når det gjeld tidsbruken er det klare utgangspunktet, at nemnda skal behandle søknadane utan ugrunna opphald. Normalt skal søknadane behandlast i den rekkjefølga som dei kjem inn til nemnda. Dersom det viser seg å vere hensiktsmessig å foreta ei nærmare prioritering av søknadane, føreset departementet at nemnda gjer dette, basert på saklege kriterium og i tråd med god forvaltningsskikk.

Departementet har vidare tatt andre grep for å sikre ei rask saksbehandling. Som omtalt under punkt 5.8 er det blant anna lagt opp til at det vil vere tilstrekkeleg med ei forenkla arbeidsmedisinsk utgreiing. Det skal med andre ord ikkje vere krav om ei fullstendig utgreiing. Departementet føreset vidare at nemnda kan vurdere det slik at dokumentasjonen som er lagt fram i samband med søknaden viser at det vil vere unødvendig å gjennomføre ei arbeidsmedisinsk utgreiing i det heile. Det kan for eksempel vere tilfelle dersom søkeren har fått godkjent krav om yrkesskadeerstatning på bakgrunn av ein sjukdom eller skade som gir rett til kompensasjon etter ordninga. Dette vil korte ned saksbehandlingstida og sikre ei enda raskare behandling enn det kommisjonen har lagt opp til. Tilsvarende har departementet lagt vekt på omsynet til effektivitet når det vurderast at kompensasjonen ikkje skal graderast, sjå punkt 5.9.

Av omsyn til ei effektiv behandling i nemnda har departementet også foreslått at nemndsleiaren aleine kan avslå søknader dersom det er openbert at vilkåra for å få økonomisk kompensasjon ikkje er oppfylte, sjå punkt 5.10. Dette vil frigjere kapasitet i nemnda til å behandle dei resterande søknadane.

Departementet er av den oppfatning at desse tiltaka samla sett vil sikre ei rask og forsvarleg behandling av søknadene.

5.12 Høve til å klage

Hovudregelen i norsk forvaltningsrett er at ein part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på enkeltvedtak, jf. forvaltningsloven § 28

første ledd. Departementet foreslår likevel at det ikkje skal vere klagerett på Oljepionernemnda sine vedtak knytte til søknader om økonomisk kompensasjon frå nemnda.

Sidan nemnda er uavhengig, inneber klagerett at det må opprettast ei eiga, uavhengig klagenemnd for å behandle slike klager. Dette vil ha betydelege administrative kostnader. Departementet ser ikkje at det er grunn til å opprette ein slik klageinstans for denne ordninga, og viser i samband med det til at den foreslåtte ordninga er ei ex gratia-ordning. Vidare viser departementet til at det ikkje ble gitt klagerett på nemndsavgjerder i kompensasjonsordninga for nordsjødykkarane, jf. Innst. S. nr. 137 (2003–2004) punkt 2.3.

Vedtak i nemnda kan i alle tilfelle bringast inn for domstolane, jf. punkt 5.13 nedanfor. Vedtaket kan vidare rettast eller gjerast om i samsvar med gjeldande rett, som er nærmare beskrive i forarbeida til den nye forvaltningsloven, sjå Prop. 79 L (2024–2025) kapittel 22. Det vil også, på vanleg måte, kunne klagast til Sivilombudet.

Etter departementet sitt forslag, vil det likevel vere høve til å klage på avgjerder om innsyn etter offentleglova, partsinnsyn etter forvaltningsloven, avgjerder om pålegg om å gi opplysningar og avgjerder om sakskostnader etter forvaltningsloven § 36. For slike avgjerder kan departementet, som har det administrative og budsjettmessige ansvaret for nemnda, vere klageinstans utan at det rokkar ved uavhengigheita til nemnda. Denne løysinga er også lovfesta i den nye forvaltningsloven, sjå Prop. 79 L (2024–2025) punkt 27.5. Det inneber at klager over avgjerder som ikkje gjeld retten til økonomisk kompensasjon, skal behandlast av departementet.

5.13 Domstolsbehandling

Departementet foreslår at det eksplisitt skal gå fram av lova at nemnda sine vedtak skal kunne bringast inn for domstolane, og at retten da skal kunne prøve alle sider av vedtaket. Rett saksøkt blir i tilfelle staten ved Oljepionernemnda.

Departementet foreslår ein søksmålsfrist på tre månader frå det tidspunktet vedtaket i Oljepionernemnda har komme fram til den vedtaket gjeld. Vidare foreslår departementet å fastsette at retten kan gi oppfrisking for å oversitte søksmålsfristen etter reglane i tvisteloven §§ 16-12 til 16-14.

5.14 Teieplikt

Den generelle forvaltningsmessige teieplikta er regulert i forvaltningsloven §§ 13 flg. og gjeld i utgangspunktet for alle som utfører teneste eller arbeid for eit forvaltningsorgan. Innanfor enkelte forvaltningsområde gjeld ei strengare teieplikt enn det som følger av dei generelle føresegnene i forvaltningsloven. Dette omfattar for eksempel barnevernet, jf. barnevernloven § 6-7 andre ledd og sosiale tenester innanfor arbeids- og velferdsforvaltninga, jf. sosialtjenesteloven § 44 andre ledd. Også profesjonsbestemt (eller yrkesmessig) teieplikt er gjerne strengare enn det som følger av føresegnene i forvaltningsloven. Blant anna er helsepersonell, tilsette i finans- og verdipapirføretak, eigedomsmeklarar og tilsette ved familievernkontor underlagde ei slik teieplikt, jf. helsepersonelloven §§ 21 flg., verdipapirhandeloven § 10-4, finansforetaksloven § 16-2 og eiendomsmeglingsloven § 3-6.

Oljepionernemnda vil vere eit offentleg organ. Det inneber blant anna at dersom ikkje anna er bestemt i eller i medhald av lov, er det dei alminnelege reglane om teieplikt i forvaltningsloven §§ 13 til 13 e som vil gjelde for medlemmene i nemnda og sekretariatet.

Departementet foreslår at reglane om teieplikt i forvaltningsloven, jf. ovanfor, skal gjelde for alle som utfører teneste eller arbeid for nemnda. Samtidig foreslår departementet å fastsette særskilt at dersom nemnda tar imot opplysningar som er underlagde strengare teieplikt enn det som følger av forvaltningsloven, skal dei strengare reglane gjelde. Forslaget kjem av at nemnda vil kunne ta imot opplysningar frå personar som er underlagde ei strengare teieplikt enn det som følger av dei alminnelege reglane i forvaltningsloven, for eksempel opplysningar frå helsepersonell i samband med dei arbeidsmedisinske utgreiingane.

5.15 Behandling av personopplysningar

Personopplysningsloven gjennomfører Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2016/679 av 27. april 2016 om vern av fysiske personar i forbindelse med behandling av personopplysningar (personvernforordninga) i norsk rett.

Etter personopplysningsloven § 2 gjeld lova og personvernforordninga ved heilt eller delvis automatisert behandling av personopplysningar og ved ikkje-automatisert behandling av personopplysningar som inngår i eller skal inngå i eit regis-

ter. Etter personvernforordninga artikkel 4 nr. 1 er personopplysningar alle opplysningar om ein identifisert eller identifiserbar fysisk person. Etter artikkel 4 nr. 6 er eit register all strukturert samling av personopplysningar som er tilgjengeleg etter særlege kriterium, enten samlinga er plassert sentralt, er desentralisert eller er spreidd på eit funksjonelt eller geografisk grunnlag.

Formålet med arbeidet til nemnda er å behandle innkomne søknader for å vurdere om vilkåra for økonomisk kompensasjon er oppfylte, og det utgjer også formålet med behandlinga av personopplysningar i dei fleste tilfella. Behandlinga av personopplysningar omfattar også eventuell etterkontroll av opplysningar som søkaren har gitt, og vurdering av eventuelle tilbakebetalingskrav dersom det viser seg at søkaren har fått utbetalt for mykje.

Departementet legg til grunn at Oljepionernemnda sjølv vil vere behandlingsansvarleg etter personvernforordninga artikkel 4 nr. 7. Det inneber at det er nemnda som vil ha ansvar for å sjå til at personopplysningane som nemnda behandlar, er adekvate, relevante og avgrensa til det som er nødvendig for formåla dei blir behandla for, jf. personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav c.

For at behandlinga av personopplysningar skal vere lovleg, må nemnda vidare ha eit behandlingsgrunnlag etter personvernforordninga artikkel 6. Etter artikkel 6 nr. 1 bokstav e er behandling av personopplysningar lovleg dersom «behandlingen er nødvendig for å utføre en oppgave i allmennhetens interesse eller utøve offentlig myndighet som den behandlingsansvarlige er pålagt». Etter departementet sitt syn er det klart at behandling av personopplysningar i nemnda oppfyller vilkåra i personvernforordninga artikkel 6 bokstav e.

For at personvernforordninga artikkel 6 bokstav e skal kunne bli nytta som rettsleg grunnlag, må det etablerast eit såkalla supplerande rettsleg grunnlag, jf. artikkel 6 nr. 3 bokstav b og Prop. 56 LS (2017–2018) punkt 6.3.2. Departementet foreslår derfor ein særskild lovheimel som gir nemnda rett til å behandle personopplysningar som er nødvendige for formålet med arbeidet til nemnda.

Behandling av kompensasjonssøknader i nemnda vil nødvendigvis også innebære å behandle særlege kategoriar av personopplysningar (tidlegare kalla sensitive personopplysningar) etter personvernforordninga artikkel 9.

Artikkel 9 stiller opp særskilde reglar for behandling av slike opplysningar. Etter artikkel 9 nr. 2 bokstav g kan særlege kategoriar personopplysningar behandlast dersom behandlinga er nød-

vendig av omsyn til viktige allmenne interesser, på grunnlag av «nasjonal rett som skal stå i et rimelig forhold til det mål som søkes oppnådd, være forenelig med det grunnleggende innholdet i retten til vern av personopplysninger og sikre egnede og særlige tiltak for å verne den registrertes grunnleggende rettigheter og interesser».

Personopplysningane som skal behandlast, vil blant anna omfatte helseopplysningar, sidan nemnda skal ta stilling til om vedkommande oljepioner oppfyller dei medisinske kriteria for å få kompensasjon. Det kan også komme fram opplysningar om fagforeiningsmedlemskap.

Sjølvs om behandlinga av personopplysningar i nemnda vil vere inngripande fordi ho omfattar store mengder helseopplysningar om dei enkelte søkarane, vurderer departementet at behandlinga av særlege kategoriar av personopplysningar vil vere forholdsmessig sett opp mot samfunnsnyten av arbeidet til nemnda. Departementet viser til at behandlinga av personopplysningar i nemnda er ein heilt nødvendig føresetnad for at nemnda skal kunne gi kompensasjon. Behandlinga gjeld dessutan ei avgrensa gruppe personar, det vil seie personar som søker om kompensasjon på vegner av seg sjølve eller avdøde oljepionerar. Vidare er behandlinga av personopplysningar avgrensa til å gjelde vurdering av om vilkåra for å innvilge søknaden er oppfylte, etterkontroll, utbetaling av kompensasjon og behandling av eventuelle tilbakebetalingskrav. Departementet har i denne vurderinga også sett til at Oljepionernemnda vil vere ei tidsavgrensa nemnd som skal behandle personopplysningar berre i ein avgrensa periode. Endeleg viser departementet til at nemndssekretariatet er lagt til Arbeids- og velferdsdirektoratet, som allereie har rutinar og system for å handtere særlege kategoriar av personopplysningar i samsvarende med personvernregelverket. Slik departementet ser det, er vilkåra for at nemnda skal kunne behandle særlege kategoriar av personopplysningar etter personvernforordninga artikkel 9, oppfylte.

5.16 Innhenting av opplysningar

Sjølvs om søkaren er ansvarleg for å dokumentere at dei nærmare vilkåra for å få kompensasjon er oppfylte, meiner departementet at nemnda bør ha tilgang til å hente inn nødvendige opplysningar frå andre enn søkaren sjølv.

Slik departementet vurderer det, er behovet nemnda har for å hente inn opplysningar frå andre i hovudsak knytt til eit ønske om å effektivisere

saksbehandlinga. Det kan også gi nemnda eit betre faktisk grunnlag for å ta stilling til den konkrete søknaden. Nemnda kan vidare ha behov for å kunne kontrollere om vilkåra for kompensasjon er oppfylte, og ta stilling til eventuelle tilbakebetalingskrav.

Det kan i denne samanhengen for eksempel vere aktuelt å hente inn opplysningar om tidlegare yrkesskade- og yrkessjukdomssaker. Dette kan gi informasjon om tidlegare arbeidsforhold og tidlegare medisinske vurderingar som kan vere relevante for behandlinga av dei konkrete søknadene. På same måte kan for eksempel opplysningar frå Aa-registeret gi nemnda relevant informasjon om behandling av kompensasjonssøknader.

Departementet legg vidare til grunn at det kan vere behov for å hente inn informasjon om tidlegare utbetalningar for den same skaden eller sjukdommen for å vurdere spørsmålet om å gjere frådrag i kompensasjonsutbetalinga. Sjå meir om dette ovanfor under punkt 5.4.

Departementet foreslår derfor å fastsette ei føresegn i lova som gir nemnda heimel til, utan hinder av lovbestemt teieplikt, å hente inn opplysningar frå andre offentlege myndigheiter, tidlegare arbeidsgivarar og forsikringsselskap. Departementet foreslår at føresegna skal vere avgrensa til å gjelde dei opplysningane som er nødvendige for å behandle kompensasjonssøknader og eventuelle tilbakebetalingskrav og å kontrollere opplysningar som søkarane har gitt.

Departementet går ut frå at eventuelle førespurnader om utlevering av opplysningar etter den foreslåtte føresegna vil vere av eit avgrensa omfang og gjelde spesifikke opplysningar. Departementet foreslår at den som blir pålagt å gi opplysningar etter den foreslåtte føresegna, skal ha plikt til å gjere det utan godtgjering. Ved pålegg om å gi opplysningar gjeld reglane i forvaltningsloven § 14. Det er derfor blant anna høve til å klage til departementet på avgjerder som nemnda tek om pålegg om å gi opplysningar, sjå også ovanfor under punkt 5.12.

Dersom nemnda hentar inn opplysningar utanfrå, er det ein føresetnad at nemnda legg fram opplysningane for søkaren i tråd med reglane i forvaltningsloven § 17 andre ledd. At opplysningar som kjem utanfrå blir lagt fram for søkaren, er sentralt for at søkaren skal kunne korrigere eventuelle feil eller supplere med andre relevante opplysningar, slik at nemnda tek avgjerder på eit korrekt grunnlag. Opplysningane må derfor leggst fram på eit tidspunkt som gir søkaren reell moglegheit for kontradiksjon.

5.17 Tilbakebetaling

Som omtalt i punkt 5.7 skal søkeren ha plikt til å gi nemnda dei opplysningane som er nødvendige for at nemnda skal kunne behandle søknaden. Søkeren skal i denne samanhengen også opplyse om eventuell tidlegare erstatning eller kompensasjon for den same skaden eller sjukdommen, som skal komme til frådrag ved utbetaling av kompensasjon.

For å hindre misbruk og sikre at utbetalingane av kompensasjon etter ordninga blir korrekte, foreslår departementet også ein uttrykkeleg heimel for nemnda til å kunne krevje tilbake urettmessig eller for høg kompensasjon, som enten kjem av at nemnda har gjort ein feil, eller at mot-

takaren eller nokon som opptredde på vegner av mottakaren har gitt ufullstendig eller uriktig informasjon. Etter forslaget er det krav om at mottakaren eller den som har opptredd på vegner av mottakaren, forstod eller burde ha forstått at opplysningane som blei gitt var ufullstendige eller uriktige, eller at utbetalinga kom av ein feil frå nemnda si side. Departementet vil samtidig vise at eit krav om tilbakebetaling etter omstenda kan opplevast som svært inngripande, og at det derfor kan vere grunn til å bruke heimelen med ei viss forsiktighet.

Departementet foreslår at det skal gå fram av lova at vedtak om tilbakebetaling dannar tvangsgrunnlag for utlegg.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

6.1 Totale kostnader

Tabell 6.1 viser kostnadene for ordninga fordelt på åra ho vil vere verksam. Stortinget løyvde 14 millionar kroner i revidert nasjonalbudsjett 2025 for å få på plass dei praktiske førebuingane med ordninga.

6.2 Administrative kostnader

Departementet har tatt utgangspunkt i kostnadsberekningar som Oslo Economics gjorde på bestilling frå Oljepionerkommisjonen. Som det går fram av tabellen over, anslår departementet at dei totale administrative kostnadene for ordninga blir 62 millionar kroner.

Kostnadene inneheld alle elementa som departementet har oversikt over:

- nemnd, inkludert IKT- og lisenskostnader,
- sekretariat, inkludert IKT- og lisenskostnader, lønnskostnader, kostnader ved utbetaling, handtering av spørsmål mv.,
- nødvendig systemutvikling for å sikre forsvarleg saksbehandling inkludert behandling av personopplysningar, arkivering mv.,
- kostnader i samband med arbeidsmedisinske utgreiingar,
- annan administrasjon for departementet,
- informasjonsarbeid.

Berekningane tar utgangspunkt i rapporten frå Oljepionerkommisjonen. Det vil vere usikkerheit knytt til talet på søknader som kjem inn, blant anna fordi det alltid vil vere eit visst antal søkarar som ikkje vil oppfylle krava. Også desse søknadene må handterast forsvarleg.

6.3 Kompensasjonsutbetalningar

Kriteria og vilkåra for ordninga er nærmare omtalte under punkt 5 i proposisjonen. Den største drivaren for kostnadene er sjølv kompensasjonsutbetalinga. Kompensasjon etter lovforslaget er sett til åtte gonger grunnbeløpet i folketrygda i det enkelte tilfellet, som i dag utgjør 1 041 280 kroner.

Dei samla utbetalingane som følge av ordninga er venta å vere 511 millionar kroner, slik det også står i tabell 6.1. I tråd med kalkylen til Oljepionerkommisjonen, anslår departementet at omtrent 650 personar vil oppfylle kriteria for å kunne få kompensasjon. Departementet legg vidare til grunn, fortsatt i tråd med kommisjonen sine berekningar, at om lag 160 av desse personane tidlegare har fått erstatning som vil komme til frådrag i ei eventuell ny kompensasjonsutbetaling.

Tabell 6.1

	Tal i mill. kroner				
	2025	2026	2027	2028	Sum
Administrative kostnader	14	31,5	13,9	2,6	62
Kompensasjonsutbetalningar		434	51	26	511
Totale kostnader ved ordninga	14	465,5	64,9	28,6	573

7 Merknader til dei enkelte føresegnene

Til § 1

Føresegna angir dei grunnleggande vilkåra for å få rett til kompensasjon. Det er krav om at søkaren må ha arbeidd i petroleumsverksemda offshore på norsk kontinentalsokkel i perioden 1966 til 1990 (pionertida). Søkaren må i tillegg ha arbeidd innanfor aktivitetssområda «boring og brønn» eller «produksjon og vedlikehald». Kva slags arbeidstakargrupper innanfor desse aktivitetssområda som er omfatta av kompensasjonsordninga følger av § 2. For å få rett til kompensasjon må søkaren dessutan ha fått ein nærmare angitt varig sjukdom eller skade som har mogleg samanheng med kjemisk eksponering for boreslam, hydrokarbon eller benzen i arbeidet offshore. Kva sjukdommar eller skadar som kan gi rett til kompensasjon går fram av § 3.

Vilkåret om «mogleg samanheng» inneber at det ikkje er krav om sannsynlegheitsovervekt for at den påviste skaden eller sjukdommen kjem av eksponering for boreslam, hydrokarbon eller benzen. Kravet til årsakssamanheng vil vere oppfylt med mindre det kan påvisast at skaden eller sjukdommen openbert ikkje er forårsaka av arbeidet offshore. Eventuell tvil i saka skal komme søkaren til gode. I vurderinga av om det ligg føre ein mogleg samanheng mellom eksponeringa og sjukdommen eller skaden, er sentrale moment arbeidstid offshore (eksponeringstid) og tida det tok frå eksponering til sjukdommen oppsto eller diagnosen blei stilt (latenstid). Tidsanslaga for eksponeringstid og latenstid som går fram av punkt 5.2.3.2, vil vere rettleiande utgangspunkt for nemnda og helsepersonellet som skal gjere arbeidsmedisinske utgreiingar.

For dei andre vilkåra i lova gjeld det eit krav om alminneleg sannsynlegheitsovervekt.

Til § 2

Første ledd i føresegna angir uttømmande kva for arbeidstakargrupper innanfor aktivitetssområda «boring og brønn» som er omfatta av kompensasjonsordninga.

Andre ledd i føresegna angir uttømmande kva arbeidstakargrupper innanfor aktivitetssområda «produksjon og vedlikehald» som er omfatta av kompensasjonsordninga.

Søkaren må ha arbeidd innanfor dei nemnde aktivitetssområda og tilhøyrt ei eller fleire av arbeidstakargruppene i perioden 1966 til 1990 (pionertida) for å vere omfatta av ordninga. Avgrensinga er basert på at desse arbeidstakargruppene er rekna for å ha vore særleg utsette for eksponering for boreslam, hydrokarbon og benzen i arbeidet offshore. Både norske og utanlandske arbeidstakarar innanfor dei opplista gruppene vil vere omfatta av ordninga.

Til § 3

Føresegna regulerer kva for sjukdommar og skadar som kan gi rett til kompensasjon. For å få rett til kompensasjon må søkaren ha fått ein varig sjukdom eller skade som har mogleg samanheng med kjemisk eksponering for boreslam, hydrokarbon eller benzen. Dette er sjukdommar og skadar som det, basert på internasjonal forskning, er påvist at har ein dokumentert samanheng med eksponering for boreslam, hydrokarbon og benzen. Lista er uttømmande.

Det er ikkje eit krav at søkaren er sjuk på søknadstidspunktet. Det er tilstrekkeleg at søkaren kan dokumentere å ha hatt ei av dei opplista diagnosane som kan gi rett til kompensasjon. Departementet viser til at personar som har hatt desse varige sjukdommane ofte slit med seinskadar etter behandlinga, har risiko for tilbakefall samt auka risiko for å utvikle ny kreftsjukdom som følgje av behandlinga.

Til § 4

Føresegna regulerer etterlatne si rett til kompensasjon. *Første ledd* slår fast at dersom ein person som ville hatt rett til kompensasjon etter lova er død, har avdøde sin ektefelle eller sambuar rett til kompensasjonen. Ein person skal i denne samanhengen ikkje lenger reknast som ektefelle dersom

det på tidspunktet for dødsfallet var avsagt dom for, eller er gitt løyve til separasjon eller skilsmisse. Dette gjeld sjølv om avgjerda ikkje er rettskraftig eller endeleg. Registrert partnar likestillast med ektefelle, jf. ekteskapsloven § 111 andre ledd.

For å bli rekna som sambuar må personen anten ha budd saman med avdøde i eit ekteskapsliknande forhold dei siste to åra før dødsfallet eller ha felles barn med avdøde. Dersom personen hadde felles barn med den avdøde, er det ikkje nødvendig at dei har budd saman i to år.

Andre ledd slår fast at dersom avdøde ikkje hadde ektefelle eller sambuar med rett til kompensasjon, har barna til avdøde rett til kompensasjonen. Barna har til saman rett på den kompensasjonen avdøde ville hatt krav på. Dersom det er fleire barn etter avdøde, skal kompensasjonen delast likt mellom dei.

Føresegna regulerer uttømmende kven som har rett til kompensasjon. Det er berre etterlatne som lever som har rett til kompensasjon. Dette inneber for eksempel at ektefelles arvingar, som ikkje er avdøde sine barn, ikkje vil ha rett på kompensasjon.

Til § 5

Første ledd i føresegna regulerer størrelsen på kompensasjonen. Kompensasjonen er knytt til grunnbeløpet i folketrygda, slik at beløpet blir justert årleg. Utgangspunktet er at det er grunnbeløpet i folketrygda på det tidspunktet nemnda traff vedtaket sitt som skal leggst til grunn i berekinga av kompensasjonen. Dersom søkaren bringar saka inn for domstolane, er det likevel grunnbeløpet på tidspunktet for rettskraftig dom som skal ligge til grunn. Kompensasjonen er standardisert og skal ikkje graderast, for eksempel etter uføregrad. Det skal ikkje bereknast renter frå tidspunktet då sjukdommen eller skaden oppstod og fram til vedtakstidspunktet. Kompensasjon etter lova kjem i tillegg til lovbestemte trygdeytningar.

Etter *andre ledd* i føresegna skal det gjerast frådrag for tidlegare utbetalt yrkesskadeerstatning eller annan kompensasjon eller erstatning frå arbeidsgivar for sjukdommen eller skaden det er søkt om kompensasjon for. Det skal gjerast frådrag for slike ytingar frå både norske og utanlandske arbeidsgivarar. Føresegna har samanheng med søkaren si opplysningsplikt etter § 7 andre ledd bokstav c, der det går fram at søkaren har plikt til å opplyse om eventuelle tidlegare utbetalningar som kan komme til frådrag. Beløp som er utbetalte tidlegare, skal ved frådragsberekning reknast om til dagens kroneverdi. Ved

slik omrekning skal konsumprisindeksen leggst til grunn.

Tredje ledd i føresegna slår fast at kompensasjonen skal utbetalast som ei eingongsyting, og at den ikkje er skattepliktig.

Til § 6

Føresegna regulerer Oljepionernemndas kompetanse og samansetning. *Første ledd* slår fast at det er Oljepionernemnda som forvaltar kompensasjonsordninga. I *andre ledd* er det fastsett at nemnda er uavhengig. Statusen som uavhengig nemnd betyr blant anna at den ikkje kan instruerast av departementet, verken generelt eller i enkeltsaker. Vidare følger det uttrykkeleg at departementet ikkje kan gjere om materielle vedtak i nemnda, det vil seie vedtak som gjeld sjølve kompensasjonsspørsmålet, medrekna spørsmål om eventuelle krav om tilbakebetaling.

Tredje ledd i føresegna regulerer korleis nemnda skal settast saman.

Til § 7

Føresegna regulerer søknader om kompensasjon og dokumentasjonskrav. Etter *første ledd første punktum* må søknaden fremmast for Oljepionernemnda innan to år etter at lova er sett i kraft for at nemnda skal kunne ta søknaden til behandling. Søknader som blir fremma etter denne fristen kan med andre ord ikkje takast til behandling.

Andre ledd regulerer medverknadsplikta til dei enkelte søkarane, ved at det går fram kva slags dokumentasjon som må leggst fram for nemnda. Etter *bokstav a* må søkaren legge fram dokumentasjon som viser at vedkommande har arbeidd i petroleumsverksemda offshore på norsk kontinentalsokkel i perioden 1996–1990, og at vedkommande arbeidde innanfor dei aktivitetssområda og arbeidstakargrupperingane som er nemnd i § 2. Det må gå fram av dokumentasjonen kva tid arbeidet blei utført og kor lenge det varte. Av *bokstav b* følger det at søkaren må legge fram dokumentasjon som viser at søkaren har fått påvist ein varig skade eller sjukdom som er nemnd i § 3 og informasjon om kva tid denne helsetilstanden blei påvist. Av *bokstav c* følger det at søkaren plikter å opplyse om, og i tilfelle i kva utstrekning, vedkommande har fått yrkesskadeerstatning eller annan kompensasjon for den skaden eller sjukdommen det blir søkt om kompensasjon for. Slik utbetaling skal komme til frådrag ved berekning av kompensasjon etter denne lova, jf. § 5 andre ledd i lovforslaget.

Tredje ledd regulerer etterlatne si plikt til å legge fram dokumentasjon. Etter *bokstav a* må etterlatne for det første legge fram dokumentasjon som viser at avdøde ville ha hatt rett til kompensasjon om vedkommande var i live, det vil seie dokumentasjon som nemnd i andre ledd. Etterlatne plikter dessutan å dokumentere at dei har rett til kompensasjon gjennom relasjonen dei hadde til den avdøde, jf. *bokstav b*. Slik dokumentasjon kan for eksempel fremgå av ein skifteattest.

Fjerde ledd gjer det klart at nemnda under behandlinga av ei sak kan be søkaren om fleire opplysningar, dersom den meiner det er nødvendig for å behandle søknaden.

Til § 8

Føreseгна regulerer høvet nemnda har til å tilvise til forenkla arbeidsmedisinsk utgreiing. Nemnda avgjer om tilvising er nødvendig. Dersom søkaren har vore gjennom ei slik utgreiing tidlegare og dette er tilstrekkeleg dokumentert overfor nemnda, eller det er lagt fram dokumentasjon som klart viser at det ligg føre ein mogleg samanheng mellom kjemikalieeksponering og sjukdommen eller skaden, kan saka vere tilstrekkeleg opplyst utan å tilvise til arbeidsmedisinsk utgreiing. Også dersom nemnda ser at vilkåra for kompensasjon openbert ikkje er oppfylte, for eksempel dersom søkaren ikkje klarer å dokumentere å ha arbeid offshore i pionertida, kan nemnda avgjere saka utan tilvising til arbeidsmedisinsk utgreiing.

Det sentrale spørsmålet i den arbeidsmedisinske utgreiinga er om det ligg føre ein mogleg samanheng mellom relevant kjemikalieeksponering og sjukdommen eller skaden til søkaren. Kor lenge arbeidstida offshore varte (eksponeringstid), og tida det tok frå eksponering til sjukdommen eller skaden oppstod (latenstid), vil inngå i denne vurderinga, sjå punkt 5.2.3.2.

Til § 9

Føreseгна regulerer saksbehandlinga i nemnda. Etter *første ledd første punktum* skal nemnda behandle søknadene på grunnlag av dei skriftlege framstillingane søkaren har gitt, og dei dokumentbevisa som ligg føre.

Etter *første ledd andre punktum* skal nemnda som hovudregel gjere vedtak i møte. Møtet kan gjennomførast som fjernmøte der medlemmene kan sjå og kommunisere med kvarandre elektronisk. Leiaren av nemnda kan aleine gjere vedtak om avslag på søknaden dersom det er openbert at vilkåra for å få kompensasjon ikkje er oppfylte

eller søkaren ikkje legg fram dokumentasjon som nemnt i § 7 andre ledd, jf. *første ledd tredje punktum*.

Regelen i *andre ledd* om at nemnda kan ta avgjerder etter skriftleg sirkulasjon i dei opplista tilfella, er etter mønster av den nye forvaltningsloven og er grunnsett i effektivitetsomsyn.

I *tredje ledd* er det gitt reglar om korleis vedtak skal gjerast, om vedtaksførleik og om møteprotokoll. Vedtaket skal gjerast ved alminneleg fleirtal, vere skriftleg og grunnsett. Nemnda kan berre gjere vedtak når nemnda er fulltalig, det vil seie at alle medlemmene deltar i behandlinga og stemmer. Dersom éin eller fleire av medlemmene er inhabile eller forhindra, er nemnda ikkje vedtaksfør. Det skal først protokoll med opplysningar om kva tid vedtaket er gjort, kva vedtaket gjeld og kva medlemmene i nemnda har stemt. Det skal opplyst om eventuell dissens. I kravet til at protokollen skal gjere greie for kva medlemmene i nemnda har stemt, ligg det også eit krav om at identiteten til medlemmene må komme fram av protokollen. Vidare bør protokollen innehalde andre opplysningar som er nødvendige for god orden og etterprøvarheit.

I *fjerde ledd* er det for ordens skuld presisert at ei avgjerd i nemnda om kompensasjon er å rekne som eit enkeltvedtak. Vedtaka skal vere skriftleg og grunnsett, jf. forvaltningsloven §§ 23 og 24.

Femte ledd gir departementet heimel til å gi forskrift med nærmare regulering av nemnda si saksbehandling.

Til § 10

Føreseгна regulerer høve til å klage. Det følger av *første punktum* i føreseгна at det ikkje er høve til å klage på nemndas realitetsvedtak, det vil seie vedtak som gjeld sjølv kompensasjonsspørsmålet og vedtak om tilbakebetaling av feilaktig utbetaling etter § 15. Slike vedtak kan eventuelt bringast inn for domstolen for full prøving der, jf. § 11. Den som er misfornøgd med nemndas avgjerd kan også klage til Sivilombudet.

Etter *andre punktum* er det klagerett over visse avgjerder som nemnda tar, men som ikkje dreier seg om realitetsavgjerder i saker under ansvarsområdet til nemnda. Det er klagerett over avgjerder om innsyn etter offentleglova, partsinnsyn etter forvaltningsloven, pålegg om å utlevere opplysningar etter § 12 i lovforslaget og om avgjerder om sakskostnader etter forvaltningsloven § 36. For slike saker er departementet klageinstans.

Til § 11

Føresegna regulerer domstolsbehandling. Vedtak i nemnda kan leggst fram for prøving i domstol, og føresegna seier uttrykkeleg at domstolen i tilfelle kan prøve alle sider av vedtaket.

Andre ledd i føresegna stiller opp ein søksmålsfrist på tre månader, som vil gjelde frå det tidspunktet vedtaket i nemnda har komme fram til parten. Søksmålsfristen blir avbroten dersom saken blir klagt inn for Sivilombodet, jf. sivilombudsloven §14. Retten vil ha høve til å gi oppfrisking for oversitting av søksmålsfristen i tråd med reglane i tvisteloven §§ 16-12 til 16-14, sjå nærmare beskriving av reglane i forarbeida til tvisteloven, Ot.prp. nr. 51 (2004–2005).

Til § 12

Føresegna regulerer teieplikt og slår fast at reglane om teieplikt i forvaltningsloven gjeld for alle som utfører teneste eller arbeid for nemnda. Reglane gjeld for medlemmene av nemnda og sekretariatet, men også for eventuelle andre som måtte gjere oppgåver for nemnda, og som gjennom dette blir kjende med teiepliktige opplysningar. Dersom personar som utfører arbeid eller teneste for nemnda tar imot opplysningar som er underlagde strengare teieplikt enn det som følger av forvaltningsloven, skal den strengaste plikta gjelde.

Den som krenker teieplikta etter § 12, kan straffast etter straffeloven §§ 209 og 210.

Til § 13

Føresegna regulerer behandling av personopplysningar i nemnda. Føresegna slår fast at nemnda har grunnlag for å behandle dei personopplysningane som er nødvendige for formålet med arbeidet i nemnda. Formålet med arbeidet i nemnda er å behandle innkomne søknader for å vurdere om vilkåra for økonomisk kompensasjon er oppfylte, og det utgjør også formålet med behandlinga av personopplysningar i dei fleste tilfella. Behandlinga av personopplysningar omfattar også eventuell etterkontroll av opplysningar som søkeren har gitt, og vurdering av eventuelle tilbakebetalingskrav dersom det viser seg at søkeren har fått utbetalt for mykje.

Heimelen omfattar også særlege kategoriar av personopplysningar etter artikkel 9 i personvernforordninga. Det kan for eksempel dreie seg om nemnda si behandling av helseopplysningar i

samband med ei vurdering av om dei medisinske kriteria for å bli tilkjent kompensasjon er til stades.

Til § 14

Føresegna regulerer kva høve nemnda har til å hente inn opplysningar frå andre enn søkeren. *Første ledd* gir nemnda heimel til å hente inn opplysningar som er nødvendige for saksbehandlinga; frå offentlege myndigheiter, tidlegare arbeidsgivarar og forsikringsselskap. Det kan for eksempel vere nødvendig å hente inn informasjon om tidlegare yrkesskadesaker hos Nav eller frå Aa-registeret for å få informasjon om dei tidlegare arbeidsforholda til søkeren. Det kan også vere nødvendig å hente inn informasjon om tidlegare utbetalningar for den same skaden eller sjukdommen for å vurdere spørsmålet om frådrag i kompensasjonen etter § 5 andre ledd. Høvet til å hente inn opplysningar gjeld også teiepliktige opplysningar. Opplysningar som nemnda har henta inn utanfrå, skal leggst fram for søkeren i tråd med reglane i forvaltningsloven § 17 andre ledd.

Andre ledd i føresegna slår fast at den som blir pålagt å gi opplysningar, skal gjere det utan godtgjering. Ved pålegg om å gi opplysningar gjeld forvaltningsloven § 14.

Til § 15

Første ledd i føresegna gir nemnda heimel til å krevje tilbakebetalt urettmessig eller for høg kompensasjon. Feilutbetalinga kan for eksempel komme av ein reknefeil i nemnda. Det er eit krav at mottakaren eller den som har opptreidd på vegner av mottakaren, forstod eller burde ha forstått at utbetalinga var feil. Heimelen gjeld også dersom det er utbetalt urettmessig eller for høg kompensasjon fordi mottakaren eller den som har opptreidd på vegner av mottakaren, har gitt ufullstendige eller feilaktige opplysningar i søknaden. Det er krav om forsett eller aktløyse, det vil seie at mottakaren eller den som har opptreidd på vegner av mottakaren, forstod eller burde ha forstått at vedkommande ga ufullstendige opplysningar i søknaden. Krav om tilbakebetaling føreset at det opphavlege vedtaket er ugyldig etter dei alminnelige forvaltningsrettslege reglane, og vil bli rekna som et vedtak om omgjerding etter forvaltningsloven § 35. Eit krav om tilbakebetaling kan opplevast som inngripande, og departementet legg til grunn at heimelen bør brukast med ei viss forsiktighet.

Av *andre ledd* i føresegna går det fram at vedtak om tilbakebetaling vil vere tvangsgrunnlag for utlegg.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

t i l r å r :

Til § 16

Føresegna slår fast at lova trer i kraft straks.

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om kompensasjonsordning for kjemikalieskadde oljepionerar (oppfølging av tiltak i forslaget til statsbudsjett for 2026).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om kompensasjonsordning for kjemikalieskadde oljepionerar (oppfølging av tiltak i forslaget til statsbudsjett for 2026) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om kompensasjonsordning for kjemikalieskadde oljepionerar (oppfølging av tiltak i forslaget til statsbudsjett for 2026)

§ 1 *Grunnleggande vilkår for rett til kompensasjon*

Personar som har arbeidd i petroleumsverksemda offshore på norsk kontinentalsokkel i perioden 1966 til 1990 (pionertida) innanfor aktivitetssområda boring og brønn eller produksjon og vedlikehald som angitt i § 2, har rett til kompensasjon etter reglane i denne lova dersom dei har ein varig sjukdom eller skade nemnt i § 3 som har mogleg samanheng med kjemisk eksponering for boreslam, hydrokarbon eller benzen.

§ 2 *Arbeidstakargrupper omfatta av kompensasjonsordninga*

Aktivitetssområda boring og brønn omfattar desse arbeidstakargruppene:

- a. dekkssarbeidar
- b. boredekksarbeidar
- c. tårnmann
- d. assisterande tårnmann
- e. riggmekanikar
- f. slamsloggar
- g. sementerar.

Aktivitetssområda produksjon og vedlikehald omfattar desse arbeidstakargruppene:

- a. prosessoperatør
- b. laboratoriemekanikar
- c. mekanikar
- d. elektrikar
- e. automatikar
- f. maskinist
- g. teknisk cleaner.

§ 3 *Sjukdom og skade som kan gi rett til kompensasjon*

Følgande sjukdommar og skade kan gi rett til kompensasjon etter denne lova:

- a. akutt myelogen leukemi
- b. myelodysplastisk neoplas (MDS)
- c. myelomatose
- d. kronisk lymfatisk leukemi
- e. lungekreft
- f. lungehinnekreft (mesoteliom)
- g. bukhinnekreft (mesoteliom)

- h. eggstokkreft
- i. strupekreft
- j. asbestose
- k. løysemiddelskade på sentralnervesystemet.

§ 4 *Kompensasjon til etterlatne*

Dersom ein person som ville hatt rett til kompensasjon etter lova er død, har avdøde sin ektefelle eller sambuar rett til kompensasjonen. For å bli rekna som sambuar etter første punktum må personen anten ha budd saman med avdøde dei siste to åra før dødsfallet, eller ha budd saman og ha felles barn med avdøde.

Dersom avdøde ikkje hadde ektefelle eller sambuar med rett til kompensasjon etter første ledd, har barna til avdøde rett til kompensasjonen.

§ 5 *Størrelsen på kompensasjonen*

Når vilkåra i lova er oppfylte, blir det gitt ein kompensasjon tilsvarende åtte gonger grunnbeløpet i folketrygda. Grunnbeløpet i folketrygda på vedtakstidspunktet, eller eventuelt domstidspunktet, blir lagt til grunn.

Tidlegare utbetalt yrkesskadeerstatning eller annan kompensasjon eller erstatning frå arbeidsgivar for skaden eller sjukdommen det er søkt om kompensasjon for, kjem til frådrag ved utbetaling av kompensasjon etter denne lova. I berekninga skal tidlegare utbetalt beløp reknast om til dagens kroneverdi.

Kompensasjonen skal utbetalast som ei eingongsyting og er ikkje skattepliktig.

§ 6 *Oljepionernemnda*

Søknader om kompensasjon etter denne lova blir behandla av Oljepionernemnda.

Nemnda er uavhengig og kan ikkje instruerast av departementet om saksbehandlinga eller innhaldet i avgjerdene, verken generelt eller i dei enkelte sakene. Departementet kan heller ikkje gjere om materielle vedtak i nemnda eller gjere vedtak i ei sak som høyrer under nemnda.

Nemnda skal ha tre medlemmer, éin leiar og to ordinære medlemmer, som blir oppnemnde av

departementet. Nemnda skal ha juridisk og arbeidsmedisinsk kompetanse. Departementet kan oppnemne varamedlemmer. Sekretariatet i nemnda blir lagt til Arbeids- og velferdsdirektoratet (Nav).

§ 7 *Søknad om kompensasjon og dokumentasjonskrav*

Søknad om kompensasjon skal fremmast for Oljepionernemnda innan to år etter at denne lova trer i kraft. Søknad skal fremmast på skjema fastsett av nemnda.

Den som søker om kompensasjon etter § 1 skal i søknaden legge fram følgande:

- a. dokumentasjon som viser at vedkommande har arbeidd i petroleumsværksemda offshore på norsk kontinentalsokkel i pionertida innanfor eitt av aktivitetsområda og ei av arbeidstakargruppene som er omfatta av § 2, kva tid arbeidet blei utført og kor lenge det varte,
- b. dokumentasjon som viser at vedkommande har fått påvist ein sjukdom eller skade som er omfatta av § 3, og om kva tid helsetilstanden blei påvist,
- c. informasjon om og i kva utstrekning vedkommande har fått ytingar som nemnt i § 5 andre ledd.

Etterlatne som søker om kompensasjon etter § 4 skal legge frem følgande:

- a. dokumentasjon og informasjon som nemnt i andre ledd om den avdøde personen,
- b. dokumentasjon som viser at den etterlatne har rett til kompensasjon gjennom relasjonen sin til den avdøde.

Nemnda kan under behandlinga av saka be om fleire opplysningar dersom nemnda meiner det er nødvendig for å behandle søknaden.

§ 8 *Arbeidsmedisinsk utgreiing*

Med mindre det må reknast som unødvendig, tilviser nemnda til forenkla arbeidsmedisinsk utgreiing av om det ligg føre ein mogleg samanheng mellom sjukdommen eller skaden og eksponering som nemnt i § 1.

§ 9 *Saksbehandling i nemnda*

Nemnda skal behandle saker på grunnlag av dei skriftlege framstillingane søkeren har gitt, og dei dokumentbevisa som ligg føre. Nemnda skal som hovudregel gjere vedtak i møte. Dersom det er openbert at vilkåra for å få kompensasjon ikkje er oppfylte eller søkeren ikkje legg fram dokumentasjon som nemnt i § 7 andre ledd, kan leiaren av nemnda aleine avslå søknaden.

Leiaren av nemnda kan avgjere at eit vedtak skal gjerast skriftleg ved sirkulasjon blant medlemmene dersom:

- a. saka er kurant på bakgrunn av fast praksis i nemnda,
- b. saka er diskutert i møte og det berre er behov for mindre avklaringar, suppleringar eller endringar før avgjerda blir gjort, eller
- c. avgjerda kunne vore gjort av leiaren i nemnda aleine etter første ledd.

Nemnda kan gjere vedtak når alle medlemmene deltar i behandlinga og stemmer. Vedtaket skal gjerast ved alminneleg fleirtal og skal opplyse om eventuell dissens. Det skal førast protokoll med opplysningar om kva tid vedtaket er gjort, kva vedtaket gjeld, og kva medlemmene i nemnda har stemt.

Ei avgjerd i nemnda om ein søknad om kompensasjon er å rekne som eit enkeltvedtak.

Departementet kan gi forskrift med nærmare føresegner om nemnda si saksbehandling.

§ 10 *Klage*

Det er ikkje høve til å klage på vedtak om kompensasjon eller vedtak om tilbakebetaling etter denne lova. Det er høve til å klage til departementet på avgjerder som nemnda tek om innsyn eller pålegg om å gi opplysningar og om avgjerd om sakskostnader etter forvaltningsloven § 36.

§ 11 *Domstolsbehandling*

Vedtak i Oljepionernemnda kan bringast inn for domstolen, som kan prøve alle sider av vedtaket. Søksmål skal rettast mot staten ved Oljepionernemnda.

Søksmål må reisast innan tre månader frå det tidspunktet eit vedtak i Oljepionernemnda har komme fram til den vedtaket gjeld. Retten kan gi oppfrisking for oversitting av fristen etter reglane i tvisteloven §§ 16-12 til 16-14.

§ 12 *Teieplikt*

Alle som utfører teneste eller arbeid for nemnda har teieplikt etter forvaltningsloven §§ 13 til 13 e. Når personar nemnt i første punktum tar imot opplysningar som er underlagde strengare teieplikt enn det som følger av lova her, skal den strengare teieplikta gjelde.

§ 13 *Behandling av personopplysningar*

Nemnda kan behandle personopplysningar som er nødvendige for arbeidet i nemnda, også personopplysningar som nemnt i personvernforordninga artikkel 9.

§ 14 *Innhenting av opplysningar*

Nemnda kan, utan hinder av lovbestemt teieplikt, hente inn dei opplysningane som er nødvendige for å behandle søknader etter denne lova, for å kontrollere om vilkåra for kompensasjon er oppfylte og for å vurdere eventuelt krav om tilbakebetaling etter § 15. Opplysningar kan hentast inn frå offentlege myndigheiter, tidlegare arbeidsgivarar og forsikringsselskap.

Den som blir pålagt å gi opplysningar skal gjere det utan godtgjering.

§ 15 *Tilbakebetaling av feilaktig utbetaling*

Ei urettmessig eller for høg utbetaling frå nemnda kan krevast tilbakebetalt dersom mot-

takaren, eller nokon som har opptreidd på vegner av mottakaren, forstod eller burde ha forstått at utbetalinga kom av ein feil. Det same gjeld dersom mottakaren, eller nokon som har opptreidd på vegner av mottakaren, har forårsaka feilutbetaling ved forsettleg eller aktlaust å gi feilaktige eller mangelfulle opplysningar.

Vedtak om tilbakebetaling etter paragrafen her er tvangsgrunnlag for utlegg.

§ 16 *Ikraftsetting*

Lova trer i kraft straks.
